



MØTEINNKALLING

Utvalg: Forvaltningsstyret
Møtestad: Møterom 137 på rådhuset (1. etg., inn i gangen)
Dato: 17.11.2015
Tid: 15:00

Framlegg til årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 vert lagt ut på lesebretta/sendt pr. epost den 12. november.

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får særskild melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret til møtet vert halde.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 74/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 75/15	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 76/15	Planid 200700-01 - Dispensasjon frå reguleringsplan ny ferjekai på rv. 651 i Volda, gbr 19/950 og 862
PS 77/15	Gbr 20/24 deling av grunneigedom - dispensasjon frå kommuneplan og Jordlovshandsaming
PS 78/15	Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan (Ridderstrøm 1987) gnr 19/ bnr 38/ fnr 54
PS 79/15	Bygging av landbruksveg - Ekornbakken - handsaming etter Skoglova og Naturmangfaldlova
PS 80/15	Bygging av Langegjerdevegen i Steinsvik - handsaming etter Skoglova og Naturmangfaldlova
PS 81/15	Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 - handsaming i forvaltningsstyret

PS 74/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 75/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2015/1737

Arkivkode: 200700-01

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

76/15

Forvaltningsstyret

17.11.2015

PLANID 200700-01 - DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN NY FERJEKAI PÅ RV. 651 I VOLDA, GBR 19/950 OG 862

Administrasjonen si tilråding:

"Forvaltningsstyret gir med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av fergekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:

- 1. Situasjonsplan / byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadane gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.*
- 2. Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg."*

Vedleggsliste:

Forvaltningsstyret sak 63/15 med vedlegg

Referat frå møte med Statens vegvesen den 23.10.2015 med vedlegg

Uprenta saksvedlegg:

Reguleringsplan Vikeneset

Saksopplysningar:

Forvaltningsstyret hadde den 25.08.15 føre sak om dispensasjon frå reguleringsplan Vikeneset for endra plassering av fergekaia i Volda sentrum. Sak PS 63/15.

Søknaden gjeld endra plassering av ny kai i høve til dagens plassering. På utsida av eksisterande kai for å skape betre avstand til E39 og med det redusere faren for vidare

undergraving av grunnen i/ved vegområdet, og for at bygging då også kan gjerast utan vesentleg ulempe og behov for omlegging av trafikksystemet i samband med bygginga.

Administrasjonen hadde fylgjande tilråding i saka:

”Forvaltningsstyret gir med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av fergekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:

- 3. Situasjonsplan /byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadane gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.*
- 4. Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg.”*

I Forvaltningsstyret kom det fram klare motforstillingar til planane, mellom anna med grunnlag i den reduksjon dette ville gje i kaiområdet ved Vikeneset, og eit ynskje om at det no også vart teke initiativ til utbetring av krysset mot fergekaiområdet frå E39 som også er ein del av godkjent reguleringsplan.

Det vart bede om eit møte med Statens vegvesen før vidare handsaming.

Det vart i saka gjort fylgjande samrøystes vedtak:

”Saka vert utsett. Forvaltningsstyret ber om eit møte med Statens vegvesen før vidare handsaming der spørsmål om kryssløysing mot E39 også skal drøftast.”

Eit møte der berre representantar for administrasjonen i kommunen var med vart gjennomført den 23.10.2015. Kopi av referat frå møte ligg ved.

Som ein ser av referatet kom det ikkje fram vesentlege nye moment i dette møtet, men avklara at kommunen ynskjer vidareført ordninga med venterom /toalett også etter utbygging og at det må takast høgde for det. Gjeldande ordning med kommunen som eigar og med statleg tilskot til drift bør vidareførast.

Utforming/plassering må ein kome attende til i byggeplan.

Statens vegvesen vil elles stille til møte i Forvaltningsstyret for å nærare orientere og svare på spørsmål knytt til dispensasjonssøknaden.

Vi tek sikte på ei ny handsaming i møte den 17.11.2015 og at det då vert sett av tid til slik orientering.

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen finn ikkje at situasjonen er vesentleg endra etter fremjing av sak 63/15 og held fast på si tilråding i saka.

Statens vegvesen vil delta i møte under handsaming av saka og orientere nærare om planlagt bygging og behov for flytting slik søkt om.

Jørgen Vestgarden
Utviklingssjef

Per Heltne
Fagansvarleg Plan

Utskrift av endeleg vedtak:

Går som melding til Statens Vegvesen.

Kopi:

Ordfører

Teknisk sjef Rune Totland

Utviklingssjef Jørgen Vestgarden

Volda Næringsforum



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Statens vegvesen, Region midt

Fylkeshuset
6404 Molde

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/1737	9063/2015	200700-01	SVK/ US	01.09.2015

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - PLANID 200700-01 - DISPENSASJON FRÅ
REGULERINGSPLAN NY FERJEKAI PÅ RV. 651 I VOLDA, GBR 19/950 OG 862**

Vi melder med dette frå at forvaltningsstyret den 25.08.15 , hadde føre ovannemnde som sak ,
der det vart gjort slikt vedtak:

***Saka vert utsett. Forvaltningsstyret ber om eit møte med Statens vegvesen for vidare
handsaming der spørsmål om kryssløysing mot E39 også skal drøftast.***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Volda Næringsforum Storgata 8 6100 VOLDA
Teknisk sjef Rune Totland
Utviklingssjef Jørgen Vestgarden

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2015/1737

Arkivkode: 200700-01

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

63/15

Forvaltningsstyret

25.08.2015

PLANID 200700-01 - DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN NY FERJEKAI PÅ RV. 651 I VOLDA, GBR 19/950 OG 862

Handsaming:

Sindre Kvangarsnes kom med fylgjande framlegg:

Saka vert utsett. Forvaltningsstyret ber om eit møte med Statens vegvesen før vidare handsaming der spørsmål om kryssløysing mot E39 også skal drøftast.

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom administrasjonen si tilråding og framlegget frå Kvangarsnes, fekk framlegget frå Kvangarsnes fem røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå administrasjonen fekk 0 røyster og fall.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 25.08.2015

Saka vert utsett. Forvaltningsstyret ber om eit møte med Statens vegvesen før vidare handsaming der spørsmål om kryssløysing mot E39 også skal drøftast.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret gir med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av fergekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:

- 1. Situasjonsplan /byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadane gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.*

2. *Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg.*

Vedleggsliste:

Søknad om dispensasjon
Situasjonsplan
E-post korrespondanse

Uprenta saksvedlegg:

Reguleringsplan for området
Dokumentasjon knytt til nabovarsling
Dokumentasjon knytt til søknad rammeløyve

Saksopplysningar:

Statens vegvesen har gjennom søknad datert 29. juli 2015 fremja dispensasjonssøknad for bygging av ny ferjekai på rv. 651 I Volda.

Planlagt ny ferjekai skal erstatte eksisterande kai for sambanda til Folkestad og Lauvstad.

Vedlagte situasjonsplan viser kvar den nye kaia er plassert, og kva endringar ein får på landareala.

Tiltaka inneber berre små endringar i forhold til gjeldande reguleringsplan.

Gjennom førehandskonferanse mellom St.Vegvesen og Volda kommune sin administrasjon vart det avklara at endringane ikkje medfører krav om ny reguleringsplan, men at dette kunne handsamast som dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan i samsvar med Plan og bygningslova §19-1.

Slik søknad er fremja, nabovarsel er sendt ut og merknadsfristen er ute. Det er ikkje motteke merknader til søknad om dispensasjon.

I søknaden heiter det elles:

”Eksisterande kai er i dårleg forfatning og det er vurdert om denne kan utbetrast slik den ligg i dag. Dette meiner vi ikkje er teknisk- og fagleg forsvarleg og den vil difor måtte erstattast med ei ny kai. I tillegg til skadene på ferjekaia medfører også ferjetrafikken ei undergraving av E39 Sjøgata som er øydeleggande for vegen og som etter kvart kan få alvorlege konsekvenser.

Både omsynet til E39 og behovet for at trafikk på eksisterande kai medan ein bygg ny, gjer at vi tilrår ei plassering av ny kai pi ein annan stad enn det gjeldande reguleringsplan viser. Det er eit mål at prosjektet har byggestart i 2016.

Skildring av endringar i forhold til gjeldande reguleringsplan:

I tillegg til bygging av ny kai og riving av eksisterande kai, vil tiltaket omfatte ny plastring langs E39, oppattbygging av gang- og sykkeltilkomst, opparbeiding av grøntareal og mindre justering av oppstillingsarealet for ventande bilar. Utbygging av andre delar av areala som er innanfor reguleringsplanen for Vikeneset ferjekai, inngår ikkje i prosjektet med ny ferjekai.

Skildring av kai:

Ny tilleggskai i betong vil ha 90 meters lengde fundamentert på stålrørspelar. Ny ferjekaibru vil ha 12 meters breidde og 18 meters lengde

For å kunne bygge mest muleg av den nye kaia før vi flytter ferjetrafikken til ny kai, er det planlagt å bygge nytt landkar og indre del av tilleggskaia først. Etter kvart som ny betongpir vert bygd utover kan det bli konflikt mellom ferjetrafikk og ny kai, men då kan det vere

aktuelt å sette opp midlertidig stag mot gamlekaia (to punkt) slik at ein kan anløpe nyekaia medan ein bygg resten av tilleggskai med ferjetrafikk. Tilsvarende løysning (dykdalb) vart gjort på Lauvstad ferjekai i 2012. Under bygging vil vi legge vekt på trygg ferdsel for fartøy og minst mulig driftsstans, samt at tryggleiken for dei som bygg skal vere ivaretatt. Elles vil bygginga skje i samsvar med gjeldande regelverk når det gjeld arbeidstid, støy, forureining, m.m.

Vi har vore i kontakt med rederiet Fjord 1 ved Lars Juvik, og etter deira vurdering er vår byggemåte og plassering av ny kai ok.

Verknadar:

Etter vår vurdering vil ny ferjekai med tilhøyrande tiltak ikkje medføre negative konsekvensar for naboane. Ferja vil kome lenger frå busetnaden og vere til mindre sjenanse i form av støy- Iland- og ombordkøyring vil også skje lenger frå busetnaden og dermed vert støy frå desse også mindre. Dei andre endringane på land vil i all hovudsak gi ei forskjønning av området ved at ein får større grøntareal mellom ferjekaia og E39. Det vert lagt vekt på god gang- og sykkeltilkomst, samla plassering av containerar og avfall og gode forhold for iland- og ombordkøyring. Det vert også lagt til rette for at kommunen kan utvide sitt areal for pumpestasjon/silanlegg.”

I førehandskonferanse vart m.a. fylgjande føringar gitt:

”Eksisterande kai inkl. tilleggskai vil bli fjerna og ein vil gjere tiltak for å få til ei skikkeleg avslutning av terrenget mot sjø.

Endringar i arealbruk innanfor gjeldande reguleringsplan for Vikeneset kan akseptierast. Kommunen sin administrasjon kan akseptere at saka vert handsama som dispensasjonssøknad. Ein slik søknad må innehalde ein detaljert situasjonsplan samt ei skildring av kva som er vurdert og kva konsekvensar tiltaket medfører for byggeperioden og ferdig situasjon. Trafikkavvikling, forholdet for mjuke trafikantar, støyforhold, rederiet sine vurderingar m.m. må inngå.

Plassering av containerar må vurderast. Containerane bør plassierast på innsida av den nye ferjekaia.

Kommunen er i gang med eit sentrumsprosjekt som skal avsluttast i juni. Dette vil seie noko om materialstandard i Volda sentrum. Delar av dette kan vere aktuelt å innarbeide i detaljplanar for Volda ferjekai. Mellom anna fargebruk og lyssetting.

Det må vurderast å sette av større areal for pumpestasjonen. Volda kommune melder tilbake kor stort areal som er nødvendig for dette.

Kostnadar med passeringsslomme i kryss mellom rv. 651 og E39 må vurderast.

Saka vil bli lagt fram for politisk handsaming. Statens vegvesen ønsker å presentere saka og vere der for å kunne svare på ev. spørsmål.”

Vurdering og konklusjon:

Det er ikkje i nabovarsling motteke innvendingar til planlagt handsaming eller plassering av ferjekaia.

Situasjonsplanen vedkomande ny plassering er i ettertid drøfta med Statens Vegvesen, der ulike spørsmål er teke opp.

Det gjeld mellom anna venterom/toalett og utforming/utstrekning av nytt landareal etter flytting av kaia.

Vidare er det stilt spørsmål om utbetring av krysset mot E39 med forbikøyringslomme, som er vist i situasjonsplanen, inngår i prosjektgjennomføringa no.

Her er det gitt tilbakemelding om at det ikkje er sett av nok midlar til prosjektet til at dette kan gjennomførast no.

Eg viser elles til vår e-post 6.08.2015 til statens vegvesen der det heiter:

”Slik vi forstår av etterfylgjande telefonsamtale, jf også situasjonsplan, har Statens vegvesen vurdert å ikkje behalde venterom/toalett som i dag er i dette området.

Dette kan vi ikkje akseptere. Venteromet er eigd av kommunen og det er sterkt ynskjeleg å få behalde dette tilbodet i området også etter ombygging av kaia.

Om det eventuelt i ein byggeperiode må fjernast/flyttast har vi forståing for det. Etter ombygging av kaia vil det vere rom for større landareal enn i dag, og plass for venterom/toalett bør ikkje vere problematisk.

Vi ber om snarast å bli nærare orientert om planane for området, og korleis ein frå

St.Vegvesen ser for seg ei vidare løysing for dette, og er gjerne med i drøftingar for samla løysing for området.”

det er også grunn til å vise til det som var sagt i førehandskonferanse:

”Kommunen er i gang med eit sentrumsprosjekt som skal avsluttast i juni. Dette vil seie noko om materialstandard i Volda sentrum. Delar av dette kan vere aktuelt å innarbeide i detaljplanar for Volda ferjekai. Mellom anna fargebruk og lyssetting.”

Situasjonsplan knytt til prosjektet er ut frå desse føresetnadane ikkje tilfredsstillande.

Grunna ferieavvikling har det ikkje vore tid til å gå nærare inn på dette før saka no vert fremja. Det hastar med å kome i gang med sjølve kaiflyttinga og dispensasjonsaka bør difor handsamast no før valperioden startar.

Det vert difor rådd til dispensasjon for flytting av fergekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:

3. Situasjonsplan vedlagt søknaden er ikkje tilfredsstillande sett i høve til føresetnadane gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må nærare avklarast i dialog med kommunen.
4. Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg.

Helse og miljøkonsekvensar:

[Vert](#) ivareteke gjennom planlagt prosjekt

Økonomiske konsekvensar:

Statens vegvesen ber kostnadane med prosjektet.

I kva grad kommunens økonomi vert påverka er ikkje avklara. Kan verte konsekvensar knytt til venterom, og utforming/standardheving for utvida landareal.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Viktig for å oppretthalde sikker fergetrafikk.

.....
Jørgen Vestgarden
Utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Statens Vegvesen

Kopi:
Volda kommune – Teknisk sektor
Volda kommune – Utvikling –Byggesak
Volda Næringsforum



Statens vegvesen

Volda kommune
postmottak@volda.kommune.no

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/1737	Avd. UTV
Løpnr.	Sns. PH
29 JUL 2015	
Arkivdel:	Emne2
Klassering P:	LB
Klassering S:	

Behandlende eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Siv Karen Sundgot - 70175077

Vår referanse:
2014/112070-003

Dykkar referanse:

Vår dato:
29.07.2015

Dispensasjonssøknad for bygging av ny ferjekai på rv. 651 i Volda

Statens vegvesen vil med dette søke om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for Vikeneset, vedtatt 29. mars 2007. Vi planlegg å bygge ny ferjekai som skal erstatte eksisterande kai for sambanda til Folkestad og Lauvstad. Vedlagte situasjonsplan viser kvar den nye kaia er plassert, og kva endringar ein får på landareala.

Tiltaka inneber berre små endringar i forhold til gjeldande reguleringsplan, og i møte med Volda kommune sin administrasjon var det einigheit om at endringane ikkje medfører krav om ny reguleringsplan. Vi vil difor søkje dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan i samsvar med plan- og bygningslova §19-1.

Eksisterande kai er i dårleg forfatning og det er vurdert om denne kan utbetrast slik den ligg i dag. Dette meiner vi ikkje er teknisk- og fagleg forsvarleg og den vil difor måtte erstattast med ei ny kai. I tillegg til skadene på ferjekaia medfører også ferjetrafikken ei undergraving av E39 Sjøgata som er øydeleggende for vegen og som etter kvart kan få alvorlege konsekvenser.

Både omsynet til E39 og behovet for å ha trafikk på eksisterande kai medan ein bygg ny, gjer at vi tilrår ei plassering av ny kai på ein annan stad enn det gjeldande reguleringsplan viser. Det er eit mål at prosjektet har byggestart i 2016.

Skildring av endringar i forhold til gjeldande reguleringsplan:

I tillegg til bygging av ny kai og riving av eksisterande kai, vil tiltaket omfatte ny plastring langs E39, oppattbygging av gang- og sykkeltilkomst, opparbeiding av grøntareal og mindre justering av oppstillingsarealet for ventande bilar. Utbygging av andre delar av areala som er innanfor reguleringsplanen for Vikaneset ferjekai, inngår ikkje i prosjektet med ny ferjekai.

Skildring av kai:

Ny tilleggskai i betong vil ha 90 meters lengde fundamentert på stålrørspelar. Ny ferjekaibru vil ha 12 meters breidde og 18 meters lengde

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Bygging og trafikkavvikling under bygging:

For å kunne bygge mest muleg av den nye kaia før vi flytter ferjetrafikken til ny kai, er det planlagt å bygge nytt landkar og indre del av tilleggskai først. Etter kvart som ny betongpir vert bygd utover kan det bli konflikt mellom ferjetrafikk og ny kai, men då kan det vere aktuelt å sette opp midlertidig stag mot gamlekaia (to punkt) slik at ein kan anløpe nyekaia medan ein bygg resten av tilleggskai med ferjetrafikk. Tilsvarende løysning (dykdalb) vart gjort på Lauvstad ferjekai i 2012. Under bygging vil vi legge vekt på trygg ferdsel for fartøy og minst mulig driftsstans, samt at tryggleiken for dei som bygg skal vere ivaretatt. Elles vil bygginga skje i samsvar med gjeldande regelverk når det gjeld arbeidstid, støy, forureining, m.m.

Vi har vore i kontakt med rederiet Fjord 1 ved Lars Juvik, og etter deira vurdering er vår byggemåte og plassering av ny kai ok.

Verknadar:

Etter vår vurdering vil ny ferjekai med tilhøyrande tiltak ikkje medføre negative konsekvensar for naboane. Ferja vil kome lenger frå busetnaden og vere til mindre sjenanse i form av støy. Iland- og ombordkøyring vil også skje lenger frå busetnaden og dermed vert støy frå desse også mindre. Dei andre endringane på land vil i all hovudsak gi ei forskjønning av området ved at ein får større grøntareal mellom ferjekaia og E39. Det vert lagt vekt på god gang- og sykkeltilkomst, samla plassering av containerar og avfall og gode forhold for iland- og ombordkøyring. Det vert også lagt til rette for at kommunen kan utvide sitt areal for pumpestasjon/silanlegg.

Nabovarsel ble sendt ut rekomandert til berørte naboer den 17. juni, og vi har ikkje mottatt merknader frå naboar. 3 stk nabovarsel blei ikkje henta, dette gjelder:

Gnr. 19 bnr. 906 Nesavegen. Roger Seeeman

Gnr. 19 bnr. 500 Nesavegen. Aarseth Erik

Gnr. 19 bnr. 471 Vikanesvegen Helga Iren


Statens vegvesen - Region midt
Med helsing

Marianne Nærø

Marianne Nærø

Siv K. Sundgot

Vedlegg;
Situasjonsplan
Kvittering for nabovarsel
Dispensasjonssøknad



Fra: [Sundgot Siv Karen](#)
Til: [Per Heltne](#)
Kopi: [Nærø Marianne](#); [Bragason Bragi Freyr](#)
Emne: SV: Venterom Vikeneskaia
Dato: 19. august 2015 14:34:24
Vedlegg: [image001.png](#)

Hei!

Er det vurdert om dispensasjonssøknaden for ferjekaia kan avgjerast utan at det er avklart kva vi gjer med toalett/venteromsfunksjonar? Det er jo plassering av kai som krev dispensasjon, ikkje desse detaljane.

Om det ikkje er vurdert, så ber vi om at kommunen gjer det.
Mvh Siv

Fra: Per Heltne [<mailto:Per.Heltne@volda.kommune.no>]
Sendt: 18. august 2015 10:08
Til: Sundgot Siv Karen
Kopi: Rune Sjurgard; Arild Iversen; Rune Totland; Asbjørn Aasebø; Torgeir Stensø; 'Stefan N. Halck'
Emne: SV: Venterom Vikeneskaia


Bra så langt.

Fint at dette blir fylgt opp.

Sterkt ynskje og behov for tiltaket slik vi får innspel om.

Form,uttrykk, innhald og plassering kan sikkert diskuterast.

Bør sjåast som del av utforming av restarealet på landsida – som no blir betydeleg større og gir "handlingsrom"?



Per Heltne
Fagansvarleg - Plan
Volda kommune
Utvikling
Tlf 70 05 87 17/ 91 15 13 47
www.volda.kommune.no

Fra: Sundgot Siv Karen [<mailto:siv.sundgot@vegvesen.no>]
Sendt: 18. august 2015 08:47
Til: Per Heltne
Kopi: Bragason Bragi Freyr; Nærø Marianne
Emne: SV: Venterom Vikeneskaia

Hei.

Såg så vidt på saka då eg kom tilbake etter ferien i går. Av referatet frå møtet vi hadde om ferjekaia så kan det sjå ut som dette ikkje vart diskutert i det heile. Eg meiner at vi snakka om at huset var i dårleg stand og at kommunen ikkje såg på det som ei ulempe at det vart fjerna, men det kan hende at eg har ein svært selektiv hukommelse.

Prøvde å finne ut av om vi betaler tilskudd til kommunen for drifting av venterom/toalett. Veit du noko om det?

Det er også i gang eit arbeid med å sjå på alle ferjekaier på vegnettet, for å finne ut kvar det er reelle behov for venterom/toalett og kvar dette er dekt på anna måte. (Enten pga. hyppige ferjeavgangar eller ved at ein har tilbod knytt til sentrumsfunksjonar eller serveringsstadar.)

Med andre ord, så er vi ikkje heilt i mål med våre vurderingar, og vi må som de skriv sikkert ha nokre drøftingar med kommunen etter kvart. Ordføraren kan gjerne orientere formannskapet om søknaden, men på dette punktet om venterom/toalett, så er det framleis noko uavklart. Vi avtalte at Statens vegvesen skulle få delta på møtet og orientere formannskapet når saka skulle formelt handsamast. Håper det framleis er mulig å få til.

Mvh Siv

Fra: Per Heltne [<mailto:Per.Heltne@volda.kommune.no>]

Sendt: 18. august 2015 07:17

Til: Sundgot Siv Karen

Emne: VS: Venterom Vikeneskaia

Hei

Velkommen attende etter ferie.

Har du noko til meg i denne saka? Ordførar ynskjer orientering. Det er formannskapsmøte i dag.



Per Heltne
Fagansvarleg - Plan
Volda kommune
Utvikling
Tlf 70 05 87 17/ 91 15 13 47
www.volda.kommune.no

Fra: Rune Sjurgard

Sendt: 17. august 2015 21:42

Til: Per Heltne

Kopi: Rune Totland; Per Ernst Lundberg

Emne: Venterom Vikeneskaia

Eg syner til at ordføraren vil ha ei orientering i fsk i morgon om denne saka. Kva er status?

Mvh Rune

Sendt fra min Samsung-enhet

.....

Epost 6/8-15

VS: Offentleg toalett på ferjekaia

Per Heltne

Sent: to 06.08.2015 14:21

Til: 'Sundgot Siv Karen'; 'Bragason Bragi Freyr'

Kopi: Rune Sjurgard; Arild Iversen; Rune Totland

Hei

Eg viser til vår forespørsel i e-post nedanfor og dei tilsende planar for disp./ombygging ved Volda fergekai.

Slik vi forstår av etterfylgjande telefonsamtale , jf også situasjonsplan, har Statens vegvesen vurdert å ikkje behalde venterom/toalett som i dag er i dette området. Dette kan vi ikkje akseptere.

Venteromet er eigd av kommunen og det er sterkt ynskjeleg å få behalde dette tilbodet i området også etter ombygging av kaia.

Om det eventuelt i ein byggeperiode må fjernast/flyttast har vi forståing for det.

Etter ombygging av kaia vil det vere rom for større landareal enn i dag, og plass for venterom/toalett bør ikkje vere problematisk.

Vi ber om snarast å bli nærare orientert om planane for området, og korleis ein frå St.Vegvesen ser for seg ei vidare løysing for dette, og er gjerne med i drøftingar for samla løysing for området.

Dette bør vere nærare avklara før kommunen handsamar søknad om dispensasjon frå plan for fergekaiutbygginga.

Mvh



Per Heltne
Fagansvarleg - Plan
Volda kommune
Utvikling
Tlf 70 05 87 17/ 91 15 13 47
www.volda.kommune.no

Fra: Per Heltne

Sendt: 4. august 2015 11:08

Til: 'Bragason Bragi Freyr'

Kopi: Rune Sjurgard; Arild Iversen

Emne: VS: Offentleg toalett på ferjekaia

Siv Sundgot har ferie fram til 14.aug så eg videresender spørsmålet til deg.

Sjå e-post nedanfor.

At venterom/toalett eventuelt vil bli fjerna er ikkje omtala i disp-søknaden, men ut frå situasjonsplan ser det slik ut?

Dette vil eventuelt vere svært uheldig, så det er behov for avklaring før kommunen eventuelt handsamar saka.

Ber om ei snarleg tilbakemelding.



Per Heltne
Fagansvarleg - Plan
Volda kommune
Utvikling
Tlf 70 05 87 17/ 91 15 13 47
www.volda.kommune.no

Fra: Rune Sjurgard

Sendt: 4. august 2015 10:41

Til: Per Heltne

Kopi: Per Ernst Lundberg; Rune Totland; Asbjørn Aasebø

Emne: Offentleg toalett på ferjekaia

Ordføraren har fått høyrte at det Statens Vegvesen visst nok har planar om leggje ned det offentlege toalettet på Vikeneskaia. Kjenner du Per til – ev nokon av dykk andre – om

Vegvesenet har gitt informasjon om dette (ev i sakspapira/søknaden om dispensasjon fra reguleringsplanen i samband med flytting av kaia)? I så fall må kommunen reagere på dette.



Mvh
Rune Sjurgard
Rådmann
Tlf 70 05 87 00/900 53 752
www.volda.kommune.no



Statens vegvesen

Referat

Dato: 23.10.2015

Tid: 10–11

Referent: Siv K. Sundgot

Saksbehandler/telefon:

Siv Karen Sundgot / 70175077

Vår dato: 10.11.2015

Vår referanse: 15/217360–1

Referat møte med Volda kommune ang. dispensasjonssøknad for rv. 651 Volda ferjekai

Møte nr.: 2

Sted: Ålesund

Møteleder: Siv K. Sundgot

Til stede: Per Heltne, Asbjørn Aasebø, Torgeir Stensø (VK) Lisbeth Smørholm og Marianne Nærø (SVV)

Forfall: Rune Sjurgard og Arild Iversen (VK)

Kopi: Lisbeth Smørholm
Marianne Nærø

Sak 1 – Volda kommune orientere om sakshandsaminga i Volda.

Forvaltningsstyret utsette saka då dei ønskte eit møte med Statens vegvesen for å avklare følgende forhold:

- Endra plassering vil i betydeleg og uheldig grad redusere kaifronten i Volda sentrum
- Noko må/bør gjerast med krysset mot E39 – kvifor er ikkje utbering her i samsvar med gjeldande reguleringsplan med i prosjektet?
- Venteromfunksjon på området skal ivaretakast og utforming /bruk av auka landareal må avklarast jf. tettstadprosjektet.

Ansvar / frist

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

	Ansvar / frist
Sak 2 – Kva vert avklart i dispensasjonsaka og kva må avklarast i byggesøknad. Statens vegvesen påpeiker at vårt hovudmål med dispensasjonssøknaden er å få avklart om ei kaiplassering som ikkje er i samsvar med gjeldande plan kan akseptertast. Det er dei byggetekniske forholda som gjer at Statens vegvesen tilrår løysinga som er vist i dispensasjonssøknad. For at ferja ikkje skal undergrave fundamenteringa til E39 slik den gjer i dag, så er ferjekaia trekt vekk frå E39. For at ein skal kunne oppretthalde trafikk på sambandet i anleggsperioden er kaia plassert slik at eksisterande kai kan nyttast store delar av anleggsperioden. Plasseringa medfører at om lag 25 meter av den kommunale kaifronten ikkje lenger kan nyttast (sjå vedlagt teikning). Ein kan vurdere om ferjekaipir kan nyttast som liggekai for ferjer, men den kan ikkje nyttast av andre båtar, og vil heller ikkje vere attraktiv til det, då ferja skaper mykje sjø. Om vi skulle fremje ein reguleringsplan for bygging av ny kai, ville Statens vegvesen som tiltakshavar foreslå same løysinga. Statens vegvesen stiller spørsmål om plassering av venterom/toalett må avklarast i dispensasjonssaka. For kommunen sin del er det ok å plassere venterom på område som er regulert til vegareal, då tiltaket vert vurdert å vere i samsvar med arealføremålet. Statens vegvesen må avklare byggegrense mot veg. Kommunen føreset at venteromfunksjon og toalett kan oppretthaldast på området også etter eventuell flytting av kaia. Vidare avklaringar omkring venterom skjer først i byggesaka. Då må også framtidig samarbeid avtalast mellom partane, men ein føreset at ein kan basere seg på den ordninga ein har i dag med driftstilskot. Sak 3 – Kryss mellom E39 og rv. 651 Det er semje om at dette er eit kryss med dårleg trafikkavvikling og at tiltak i krysset er ynskjeleg. Det er ikkje midlar til dette tiltaket i NTP, og ev. midlar som ein får til bygging av ny ferjekai kan ikkje nyttast til utbetring av kryss. Bygging av ny kai vil verken forbetre eller forverre forholda i krysset, og Statens vegvesen meiner det er uheldig at kommunen koblar saker på ein måte som gjer at prioriterte prosjekt vert utsett. Statens vegvesen stiller på møte forvaltningsstyret. Vi presenterer prosjektet og problemstillingar omkring bygging. Kommunen avklarar aktuell dato, mest sannsynlig 17. november.	VK/3. nov



K-0002 -



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2015/517

Arkivkode: 20/24

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

77/15

Forvaltningsstyret

17.11.2015

GBR 20/24 DELING AV GRUNNEIGEDOM - DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN OG JORDLOVSHANDSAMING

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret viser til pågåande arbeid med revisjon av kommuneplan og innspel til saka frå NVE, Statens vegvesen, Fylkesmannen og frå nabo, og finn ikkje å kunne tilrå dispensasjon for frådeling som omsøkt.

Vidare utbygging bør avklarast i overordna plan og eventuell reguleringsplan for området, der ein i planprosess få nærare avklara behov knytt til sikring og avsetting av areal langs vassdraget, vegsystemet og tomtearrondering tilpassa ei samla utbygging.

Vedleggsliste:

Søknad om deling med vedlegg.

Utsnitt av kommunedelplan Volda sentrum

Merknad frå nabo

Søkjars kommentar til merknad frå nabo

Uttale disp.sak Fylkesmannen

Uttale disp.sak M.R.Fylkeskommune

Uttale disp.sak NVE

Uttale disp.sak Statens Vegvesen

Jordlovsvurdering – Ørsta-Volda Landbrukskontor

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan Volda sentrum

Saksopplysningar:

Vedlagt fylgjer kopi av søknad om dispensasjon frå kommunedelplan for deling av eigedomen gnr 20 bnr 24 på Heltne i/ved Volda sentrum.

Den aktuelle eigedomen er ein eigedom frådelt hovudbruket 20/1 i 1931. Eigedomen har lege ubebygd og vore nytta som del av landbruksarealet på gnr 20 bnr 1 fram til det vart bygd bustadhus på nordre del av eigedomen i 1975. Nedre del av parsellen er fram til no nytta av 20/1 som del av landbruksareal/beite.

Eksisterande bygg på eigedomen har tilkomst via gnr 20 bnr 1 sin gardsveg til Fylkesveg 45. For ny parsell er det tenkt tilkomst via Nedrebøvegen til fylkesveg 45.

Det ligg til rette for tilknytning til offentleg vassforsyning, kloakk og annan infrastruktur i området.

Den aktuelle tomte ligg i område som i kommunedelplan Volda sentrum, Mork –Furene og Vikebygda, planID 2007010 - plan godkjent 18.06.2009, er lagt ut som LNF-område sone A.

Aktuell arealbruk/deling krev såleis dispensasjon frå plan og frå jordlova og har ut frå det vore sendt aktuelle høyringsinstansar for uttale før vidare handsaming.

Arealet det vert søkt på er i kommuneplanen i figur Fr36 friområde i LNF-område sone A.

Eigedomen hørde tidlegare til bnr 1 og den ligg i denne sin vestre kant inn mot Heltneelva og Nedrebøvegen. I nord kjem våningshuset på eigedomen og i sør ligg 20/35 som er bebygd tomt. I aust har ein eit fulldyrka areal på bnr 1. Det avgrensa fulldyrka arealet her - på bnr 1 og bnr 24 - utgjer til saman 2,6 daa.

Søklar grunngjev søknaden med at ein vil utnytte eigedomen til bustadbygging.



Frådelinga. Utsnitt frå ortofoto av 20/24. Arealet som skal delast frå er markert med raud farge. (Skjermdump frå Skog og landskap)



Gnr 20 bnr 24. Skjermdump frå gardskartet som syner eigedomen.



Skjermmedump frå Street view. Frådelinga grovt innteikna med raudt.

Nabovarsling er gjennomført i høve søknaden og kopi av innspel og søklar sine kommentarar til desse vert kommentert nedanfor, og ligg som vedlegg til saka.

Fylgjande innspel er motteke ved høyring:

Fylkesmannen, brev av 10.06.2015:

Tomta som søkjast frådelt, utgjer fulldyrka jord og er ein del av eit stort

landbruksområde. Sjølv om avgivareeigedommen er på knapt to dekar, og i søknaden er omtala som ei bustadtomt, er status som LNF i kommunedelplanen rettsleg bindande. Om det etablerast ein tomannsbustad her, vil den grense til fulldyrka jord, men samstundes grense til bustadtomter både ovanfor og nedanfor.

Ut frå at arealet utgjer fulldyrka jord og er ein del av ein større teig, rår vi i frå omsøkte søknad.

Kommentar:

Eg viser til handsaminga ved landbruksavdelinga nedanfor og til tilrådinga i saka.

Møre og Romsdal Fylkeskommune, har ikkje gitt uttale.

NVE, BREV AV 08.05.2015

Før ein gjev løyve til frådeling bør det gjerast ei vurdering av Heltneelva sitt skadepotensiale for flaum og erosjon mot tomta. Heltneelva går i ein sving inn mot den aktuelle eigedommen, noko som aukar faren for erosjon. Ein må undersøke om det finnes kritiske punkt langs elva i eller ovanfor tomta som kan medføre at bekken kan ta nytt løp inn mot tomta. Meir detaljerte råd om kartlegging av flaumfare i mindre vassdrag er å finne i NVE sin rettleiar 3/2015 «Flaumfare langs bekker». For å sikre bygningar mot skade frå flaum og erosjon er tilrådd minsteavstand til bekk på minimum 20 meter. Er terrengforholda slik at planområdet er spesielt utsett for flaum og erosjon bør avstanden mellom busetnad og bekk vere større.

KOMMENTAR:

Elva er forbygd opp til Nedrebøvegen, men ikkje vidare oppover. Vidare oppover er det ikkje gjort noko med elveløpet og siste del mot Nedrebøvegen og brua er av dei kritiske punkta av vassdraget, sett i høve til flaumsituasjonar.



Kommunen er i gang med innhenting av nytt datagrunnlag for vurdering av vassdraga i/ved Volda sentrum, basert på dagens dimensjoneringsgrunnlag (200års-flasumrmn pluss 40%) som skal leggst til grunn for tiltak langs vassdraga gjennom kommuneplan og nye reguleringsplanar. Dette vil gje grunnlag for dimensjonering av vidare forbygging langs elva, og då nærare vise kva arealbehov dette vil krevje.

Ved krav om reguleringsplan før utbygging/deling vil ein sikre at desse føresetnadane vert ivareteke. Jf tilrådinga i saka.

STATENS VEGVESEN, BREV AV 11.05.2015:

Situasjonsplanen viser at ny parsell skal ha tilkomst frå fylkesveg 45 via Nedrebøvegen. Det må då søkjast om utvida bruk av eksisterande avkjørsle. Det kan reknast med å bli gitt løyve til slik utvida bruk på vilkår om at blant anna siktilhøva tilfredstillar krav gitt i forskrift til veglova § 13, slik det går fram av vegnormal NI 00 i kapittel E.2.3. Det vil medføre at køyretøy frå Nedrebøvegen som skal krysse gang-/sykkelvegen skal ha fri sikt til begge sider i ein avstand på 35m målt 3m frå vegkant gang-/sykkelveg. Frisikten reknast frå forar av

motorvogna sin augehøgde (1.1m) til midt på den syklande med høgde 0,8m. Det må undersøkjast nærare om stakittgjerde på eigedomane 20/356 og 20/35 er til hinder for å oppnå naudsynt friskt. Det vil ikkje bli gitt løyve til utvida bruk av avkjørsle før sikttilhøva eventuelt er utbetra.

KOMMENTAR:

Nedrebøvegen er i dag ein kommunal veg som kommunen har driftsansvaret for. Vegen er skilta med forbod mot gjennomkøyring, men er også tilkomstveg for eigedomene 20/35 og gnr 20/30. Også eigedomene gnr 20/30 er tidlegare utskilt frå gnr 20/24, og det synest såleis naturleg at eigedomene har vegrett til Nedrebøvegen.

Nedrebøvegen har i dag utvikla seg som ein svært attraktiv og mykje nytta gangveg frå bustadområda i Røyslid/Heltne m.fl mot Årneset, til Volda stadion og til turvegnettet rundt Rotevatnet. Jf kommuneplanens grønstruktur med grøntkorridorar langs Heltneelva. Frisikten i krysset mot gangvegen er dårleg mot aust etter som det her er oppført mur og gjerde og det er beplanting heilt inn mot gjerdet. Krysset er såleis i dag farleg for gåande/syklande både på Nedrebøvegen og på gang/s-vegen langs fv. 45. jf. Vedlagde foto:



Foto teke i 0.7 m høgde 3m inn frå gangvegkant slik vilkår St.vegvesen.

Siktkrava nedfelt i reguleringsplan og/eller i denne merknaden frå St. Vegvesen er ikkje oppfylgde ved utbygging av gangvegen i området. (Statens vegvesen var utbyggjar?)

Siktkrava kan heller ikkje imøtekomast utan vesentlege inngrep i eigedomene gbnr 20/30. Reguleringsplanen er for gamal til at det kan gjennomførast tiltak innanfor sikttrekantane utan avtale med tomteeigar.

ØRSTA-VOLDA LANDBRUKSKONTOR, OVERSENDING 28.05.2015:

(utdrag)

Børre Heltne er eigar av "Gamlestølen" gnr 20 bnr 24 på Heltne. Eigedomene er på 2,1daa – fordelt på 0,8 daa fulldyrka jord, 0,6 daa produktiv skog, og 0,7 daa bebygd areal. Det vert no søkt om å få dele ifrå eit areal på 750m² der føremålet er å byggje to bueiningar. Eigedomene har våningshus og garasje.

Arealet ein vil dele frå på 750 m² består av 600 m² fulldyrka jord og 250 m² skog.

Med verknad frå 01.07.2013 er det gjort endringar i jordlova sin delingsparagraf, §12. Det er også gitt ut nytt rundskriv: M-1/2013 Omdisponering og deling.

Jf §12 i jordlova om Deling og §9 om omdisponering.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Under formål i rundskriv M-1/2013 skal ein vurdere om paragrafen får verknad ut frå at delinga gjeld ein eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk. Sitat:

”.... Eiendommen må ha en slik størrelse og beliggenhet at den kan gi grunnlag for lønnsom drift. En liten eiendom kan omfattes av bestemmelsen om deling dersom det hører dyrka jord av høy kvalitet til eiendommen. I praksis har en eiendom med totalareal på 5 dekar blitt ansett tilstrekkelig ettersom den hadde 3 dekar fulldyrka jord. Eiendommens beliggenhet er et relevant moment. Det samme gjelder kvaliteten på arealet, vekstvilkår, og hvilken produksjonsform som er påregnelig.”

Her er eiegen på 2,1 daa og den fulldyrka jorda utgjør 0,8 daa. Vi vurderer det her slik at eiegen er såpass liten og med så lite dyrka areal at delinga ikkje krev løyve etter jordlova § 12. I jordlovhandsaminga vil ein for denne søknaden berre vurdere søknaden etter § 9 Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord.”

Tema:	Vurdering og drøfting i høve jordlova §9:
Omsyn til godkjende planar i området	Området er i kommuneplanen LNF-område (Fr36). Område ligg som ein sone langs Heltneelva. Vest og nordaust for område har ein store område som er avsett til bustad.
Omsyn til drifts- og miljømessige ulempe for landbruket	Plasseringa av tomt på fulldyrka mark er i utgangspunktet i strid med jordvernet. Det avgrensa arealet her er likevel av ein slik storleik og med ei slik arrondering at arealet har avgrensa bruks-egenskapar. I oversendingsbrevet nemner ein og den varsla private reguleringa sør for fylkesvegen. Dersom ein må vekte areala sør for Fv mot areala nord for vegen så er verdiane for jordbruket klart størst sør for vegen. Jordvernomsynet er tyngre sør for vegen enn nord for vegen grunna kvalitetane på areala.
Omsyn til kulturlandskap	Kulturlandskapen vil verte endra. Det vert eit skilje mellom den dyrka jorda og elva – som tidlegare har henge saman.
Omsyn til gagn for samfunnet	Frådelt areal til busetnad vil gi høve til meir busetnad. Samstundes har ein andre område for dette i nærleiken, og i plan har ein sagt at her ikkje skal vere busetnad.

Forbodet mot omdisponering legg opp til eit strengt jordvern. Ein skal føreta ei samla vurdering, der ein skal ta omsyn til plangrunnlaget, drifts- og miljømessige ulemper, kulturlandskap og gagn for samfunnet.

Forbodet gjeld dyrka og dyrkbar jord uansett storleik. Likevel er det ein føresetnad for forbod at arealet aleine eller saman med anna jordbruksareal på eiegen kan gi grunnlag for produksjon. Høve til produksjonen må og ha eit visst omfang – for sal eller til eige bruk.

Samla sett, ut frå dei vurderingane som skal gjerast ut frå jordlova, finn ein ei overvekt for at ein ikkje vil gå imot omdisponering av 0,6 daa fulldyrka jord frå gnr 20 bnr 24. Ein har då lagt særleg vekt på storleik, plassering og arrondering.”

Kommentar:

Med bakgrunn i uttalen er det ikkje ut frå landbruks/jordvernomsyn vurdert som uheldig å dele frå tomt som omsøkt. Ein har her vurdert eiegen 20/24 isolert sett og ikkje sett dette i høve til dette som ein del av det samla jordbruksarealet og landskapet i området slik det framstår i dag.

Fylkesmannen er i mot slik deling. Eg viser til konklusjon og tilråding i saka.

HildegunnValenKleive og SveinarKleive


”Det søkes om dispensasjon frå Lnf-området som tomta ligg i. Det er naturleg å sjå på dette

som areal for bustad og vi seier oss einige i at området bør få dispensasjon frå Kommuneplan.

Det søkes om å nytte Nedrebøvegen som tilkomst til tomta. Dette ser vi på som uheldig i og med at Nedrebøvegen er ein gangveg og ikkje har ein standard som høver til meir trafikk. Vi foreslår å flytte vegen som vist på teikninga. Med eit slikt tiltak kan noverande avkjørsel stengast og ein vil då få endra trafikkbiletet til det betre. No ser vi at mange, særleg syklistar, kryssar Vikebygdvegen i rask fart, utan å sjå seg føre. Vi observerer bilar som bremsar hardt, og særleg i sommarhalvåret er staden utsett.

Ved å flytte vegen, kan ein samstundes endre standarden slik at han kan nyttast som bilveg knytta til framtidig utbygging langs Nedrebøvegen. Ei slik omlegging av vegen vil føre til at vår eigedom, 20/35 og 20/356, unngår trafikken på Nedrebøvegen med tilhørande faremoment og ulemper. Det er naturleg å tenkje at ein kan utvide vegen i samband med arbeidet som skal ta til i elva.

I samband med omlegging av veg og dispensasjon frå Kommuneplan kan det vere lurt å sjå på området i si heilheit og vurdere andre samanhengar i planarbeidet vi ikkje har innsyn i.




Vedlegg til merknad frå Sveinar og Hildegunn Kleive.

"Etter samtale med Børre Heltne, viser det seg vanskeleg å få gjennomført alternativ 1. utan at tomte til Børre Heltne vert vesentleg redusert og planen vert i praksis umogleg å gjennomføre. Vi ynskjer derfor å sjå vekk frå det første alternativet til veg. Arealet aust for tomtene er Lnf-areal og det er ingen avtale om å nytte dette arealet. Eit anna alternativ vi har kome fram til kan vere alternativ 2 som er illustrert under.

Her vil ein få dei same positive verknadane i forhold til trafikksikkerheit og tilkomst. Ein vil vidare truleg få ein lågare utbyggingskostnad på denne vegen. Det er ei føresetnad at grunneigarar som grensar mot vegen får vegrett, og at standarden høver til vidare utbygging i tilstøytande areal. Som rekreasjonsområde vil alternativ 2 høve betre, her vil mjuke trafikantar gå langs elva i lengre utstrekning enn no.

Dersom denne vegen vert bygd ut i samband med elve-prosjektet vil kostnadane for å endre vegen verte langt lågare enn elles. Eg reknar med at det vil verte ein anleggsveg langs elva medan elve-prosjektet vert gjennomført. Ved å gruse opp og asfaltere denne vil det verte ein fin veg. I samtale med grunneigar Rasmus Heltne er dette eit alternativ han ynskjer å diskutere. Det er mogleg dette alternativet er det mest gunstige for alle paratar."



Søkjar Siv Egset Heltne og Børre Heltne, brev av 04.03.2015:

Kommentar til merknad frå nabo.

"Kleive seier seg einig i at det omsøkte areal er areal for bustad og seier seg einig i at området bør få dispensasjon til deling.

Han meiner at det er uheldig at Nedrebøvegen blir tilkomst for tomta. Han meiner at Nedrebøvegen er en gangveg og ikkje har standard for meir trafikk og at den er trafikkfarleg for spesielt syklistar som kryssar fylkesvegen. Han har lagt ved skisser der ein ønsker omlegging av Nedrebøvegen til andre sida av sitt hus og over den omsøkte tomta 20/24

Søkjars kommentar: Ein kjenner ikkje til at Nedrebøvegen er gangveg. Vegen er en kjøreveg med gjennomkjøring forbode. Både Kleive si tomt, 20/24 Nedrebøen og andre eigedomar i tilknytning til vegen har nytta vegen som kjøreveg i alle år, og vegen er ikkje skilta som gangveg.

Vegen har ei breidde på 2,9-3,5 meter, og per dags dato så er der 4 eigedomar derav 2 bustadhus som bruker vegen som køyretilkomst. Til samanlikning så visast det til kommunal veg 20/423-422 Smiebakken. Denne veg har ei breidde på om lag same 2,9-3,5 meter og er nytta av til saman 12 bustader, der 8 av bustadene er godkjent av Volda kommune utbygd av Volda kommune i dei siste 4 åra. Veg er såleis tilfredsstillande dimensjonert som veg for 3-4 bustader. Trafikkauka vil vere besjeden og den vil verken vere urimeleg eller uturvande, og bruk av vegen vil vere i tråd med kva som er i samsvar med tida og tilhøva og ikkje noko større enn Kleive må kunne forvente.

Gnr. 20 Bnr. 24 Gamlebøen blei frå delt bruk 20/1 Hammaren i 1931. Tomta gjekk den gang frå «fylkesvegen» og låg aust for Nedrebøvegen. Tilkomstveg til tomta var ved frådelling ikkje fr-5 20/1 men frå Nedrebøvegen som ligg langs tomta.

Bustadtomta 30/35 Nytun, som no er eigd av Hildegunn Hvalen Kleive og Sveinar Kleive, blei frådelt frå 20/24 Gamlebøen i 1949 og huset som står på tomta blei bygd i 1950. Tomta nyttar sjølvstendig den forutsette vegtilkomst Nedrebøvegen som tilkomst.

20/24 Gamlebøen har sidan frådelinga hatt vegtilkomst frå Nedrebøvegen. Sjølv om det i 1976 blei bygd hus på delar av tomta med tilkomst fr-5 20/1 Hammaren, så har ein i alle år brukt Nedrebøvegen som tilkomst ved slått, gjødselspreiing, og annan tilkomst i tråd med tida og forholda. 20/24 Gamlebøen sin vegrett til Nedrebøvegen er tvillaust, og der føreligg ikkje grunnlag for Kleive sine påstandar om at tomta ikkje kan nytte vegen. Om Kleive meiner at Gamlebøen 20/24 ikkje har rett til veg, så har heller ikkje Kleive rett til å nytte veg til si tomt. 20/24 har hatt rett til veg og brukt Nedrebøvegen heilt sidan tomta blei frådelt hovudbruket, og har då uansett vegrett ved hevd, i tråd med Hevdslova §7 og 8

Sjølv om Nedrebøvegen ikkje ligg på kommunal grunn så er vegen vedlikehalde og brøytta av kommunen og er jf. veglova § 5 ein kommunal veg.

Ein ønskjer ikkje/har ikke noko annan tilkomst til den omsøkte tomta enn Nedrebøvegen.

Teikning som Kleive har lagt ved, med endra veg rundt sitt hus, er ikkje realistisk. Ein vil ikkje oppnå betre trafiksikkerheit og sikt, ein kan ikkje byggje ein ny kommunal veg heilt inntil huset til Kleive, der er ikkje plass til ny veg, ein slik veg vil stèle areal frå 20/24 som ikkje er ønskeleg, og vegen vil få krappe svingar som ikkje vil tilfredstille svingradius for ein ny kommunal veg, Allmennheita vil også miste tilgang til offentlig friområde på eiendomen 20/356 ved denne løysninga.

Nedrebøvegen er ein gamal veg og ein ser ingen grunn til at denne skal endrast. Der føreligg heller ingen statistikk på trafikkulykker i vegkrysset.

Grunnen til at vegen kan vere noko uoversiktleg er at Kleive har høge tre, busker på mange meter, og eit høgt hagegjerde i vegkryss/frisiktsone, som hindrar fri sikt og eit oversiktleg vegkryss. Det vises da til Statens vegvesen si handbok V121 geometrisk utforming av veg og gatekryss side 48-49. Denne rettleiinga nyttar også Volda kommune. Den seier at der i sikttrekant ikkje skal vere sikthinder høgare enn 0,5 meter over køyrebanelivå. Det blir då heilt feil at Kleive set opp høge gjerder og plantar og busker i siktlinje, for så å hevde at avkøyrse er så uoversiktlig og trafikkfarleg, og at den ikkje kan nyttast. Ein kan såleis ikkje sjå at Kleive sine merknader og diverse forslag til nye vegtilkomstar er relevant for denne delingssaka.

Kleive meiner at saka bør sjåast i ein større samanheng og i planar han ikkje har innsyn i.

Søkjars kommentar: Dette er ei enkel frådelingssak av ei bustadtomt. Tomta har tilfredsstillande veg, vatn, avløp og det som skal til for å utføre frådelinga.

Kleive viser til ny merknad(2) og seier nå at ein må sjå bort frå hans første forslag til ny veg. Han kjem då med forslag om ny veg over regulert friområde på vestsida av Heltneelva med ny avkøyrsløp frå Fylkesvegen.

Søkjars kommentar: Ein kan ikkje sjå at Kleives ønske og skisse for endra veg har noko relevans for denne delingssaka. Eit slik ønske om endring av veg må takast opp i andre forum enn som innspel til eit varsel om frådeling av tomt, som Kleive faktisk har sagt seg einig i at bør frådelast og bør få dispensasjon.

Avslutningsvis:


En vil til slutt poengtere at vår eigedom er ei bustad tomt og ikkje eit LNF areal som kommuneplan viser. Vi meiner at kommuneplan her er missvisande og må være feil. Og en håper at kommune kan sjå positivt på vår delingssøknad.”

Vurdering og konklusjon:

Den aktuelle parsellen ligg innanfor kommunedelplan Volda sentrum.

Arealet er der vist som eit samla LNF-område sone A aust for Heltneelva og Nedrebøvegen.

Arealet mellom Nedrebøvegen og elva er i kommuneplanen vist som friområde. Del av samla friområdekorrridor langs Heltneelva frå Rotevatnet og opp forbi bebyggelsen i Røyslid/Heltne.



Som det framgår av saka er det isolert sett grunnlag for omdisponering etter reglane i Jordlova.

Spørsmålet er så om vidare frådeling er i samsvar med intensjon i kommuneplan, og om det planmessig og utbyggingsteknisk ligg til rette for ei deling som omsøkt.

I høve saka finn ein grunn til å vise til at det for kort tid tilbake vart varsla oppstart av privat reguleringsplan for områda sør for fylkesvegen på gnr 20 bnr 1 sin eigedom, med sikte på utnytting til bustadformål.

I samband med varsla planoppstart her gjorde Volda Formannskap fylgjande vedtak den 09.06.2015, sak PS 88/15:

1. Ein viser til reglane i PBL § 12-3 der det er sett vilkår om at private reguleringsplanforslag innhaldsmessig må følgje opp hovudtrekk og rammer gitt i kommuneplanen sin arealdel eller i føreliggande områdereguleringar. Planframlegget for detaljregulering av bustadområde ved Årneset stettar ikkje dette vilkåret og vert derfor ikkje tilrådd vidareført.
2. Endring av arealbruken frå LNF til bustadføremål, slik det er lagt opp til i forslaget til planprogram for detaljregulering bustader ved Årneset, har så store konsekvensar for den framtidige utviklinga i det aktuelle området og for områda ikring, at det må avklarast i overordna plan først.
3. Forslagsstillar vert oppmoda om å melde ynsket om endra arealbruk frå LNF- til bustadområde på delar av gnr 20 bnr 1, inn til den pågåande kommuneplanprosessen og få saka avklara i samband med utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel.

I kommunedelplanen er det gitt fylgjande føresegner for LNF- områda-, Pkt 2.1 og pkt 1.1.

Pkt 2.1 er generell føresegn for LNF-områda der det heiter:

I LNF-områda gjeld eit generelt forbod mot utbygging til anna formål enn landbruksformål.

Pkt 1.1 er generelle retningslinjer for alle byggeområde og som også vil vere gjeldande for LNF-område ved dispensasjonar:

§ 20-4, 2. ledd bokstav a

I byggeområda merka med R på plankartet, kan arbeid og tiltak som er nemnde i Plan- og bygningslova §§ 81, 86a, 86b og 93 (arbeid som krev byggeløyve, meldepliktige bygg og andre varige konstruksjonar og anlegg) og frådeling til slike føremål ikkje finne stad før områda inngår i godkjend reguleringsplan.

Tekniske anlegg og tenester § 20-4, 2. ledd bokstav b

I byggeområde: generelle byggeområde, bustad og næringsområde merka med R på plankartet, kan ikkje utbygging skje før kommunaltekniske anlegg og samfunnstenester som energiforsyning, kommunikasjon m.v., er etablert eller sikra tilfredsstillande kapasitet.

Estetiske omsyn § 20-4, 2. ledd bokstav b

Nybygg og tilbygg/påbygg skal så langt råd er, tilpasse seg landskap og eksisterande bygg på ein god måte. Dvs. ta omsyn til gardstun/bygningar, kulturminne med høg kulturverdi i alle utbyggingsområde samt å innordne seg terreng, vegetasjon og tomtestruktur, og til eksisterande bygg og bygningsmiljø når det gjeld volum, form, materialar og farge. Ved utbygging skal det så langt råd er, leggjast vekt på å ta vare på overordna grøntdrag.

Bygging langs vassdrag - § 20-4, 2. ledd bokstav b

I plansamanheng skal det setjast av tilstrekkeleg breidde på vegetasjonsbeltet langs vassdrag som er del av grønstukturen.”

Kommunen er i gang med slik revisjon av kommuneplan som her vist til.

Truleg vil det ved revisjon av arealdelen i kommuneplan bli vurdert omdisponering av desse områda på begge sider av Fylkesveg 45 til ulike utbyggingsformål. Jf. her initiativ frå både grunneigar, innspel frå utbyggarinteresser og frå politisk hald, om behov for sentrumsnære areal til bustad og andre byggeformål.

Vert slik omdisponering vedtatt i kommuneplan, vil det naturleg fylgje eit krav om reguleringsplan for områda som sikrar teknisk grunnlag og infrastruktur for eit samla område. Ein bør vurdere om også omsøkte deling vil vere naturleg å sjå i denne samanhengen, eller om dette er så avgrensa og underordna at det kan gjennomførast no utan å skape vanskar for ei framtidig samla planlegging.

Innspela frå NVE, frå Statens vegvesen frå Fylkesmannen og frå nabo, viser eit klart behov for å sjå nærare på ei vidare utbygging i området i overordna plan og eventuell reguleringsplan for området.

Her vil ein i planprosess få nærare avklara behov knytt til sikring og avsetting av areal langs vassdraget, og vegsystemet i området vil kunne tilpassast ei samla utbygging.

Helse og miljøkonsekvensar:

Vert best ivareteke gjennom planmessig handsaming i kommuneplan/reguleringsplan.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen vesentlege for kommunal økonomi. Avklaring gjennom plan før deling/bygging vil avklare behov for elveforbygging og fellesløysingar for vegar i området.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vert best avklara gjennom ordinære planprosessar.

.....
Jørgen Vestgarden
Utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Børre Heltne, Vikebygdvegen 43, 6104 VOLDA

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal Fylkeskommune
Statens Vegvesen - Region midt.
Landbrukskontoret Volda/Ørsta
NVE- region Vest
HildegunnValen Kleive og SveinarKleive, Vikebygdvegen 37, 6104 Volda
Utvikling – v/ T.Stensø

Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Søknaden gjelder

Vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 annet ledd, oppfylles ikke. Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

Eiendom/Byggested

Kommune	Gnr.	Bnr.	Adresse
Volda	20	24	Vikebygdvegen 43, 6104 VOLDA

Tiltakets art

Søknadstype	Tiltakstype	Næringsgruppekode	Anleggstype	Bygningstypekode	Formål
Ettrinnsøknad	Grunneiendom	X Bolig	veier	121	annet

Beskrivelse av bruk

Fradeling av tomt for bygging av frittliggende enebolig/2 manns bolig

Tiltakshaver

Partstype	Navn	Adresse	Telefon	e-postadresse
privatperson	Børre Heltne	Vikebygdvegen 43, 6104 VOLDA	98612532	bheltne@hotmail.com

Varsling

Tiltaket krever nabovarsling

Det foreligger ingen merknader fra naboer eller gjenboere

Følgebrev

Det søkes om deling av grunneiendom Gnr 20 Bnr 24 i Volda kommune. Tomta er ei boligtomt bebygd med eit bolighus. Tomta har eit areal på ca 1925 m². I kommuneplan for Volda sentrum så er tomta vist som Lnf område. Det er uvist kvifor tomta er vist som Lnf område og ikke boligtomt. Det søkes derfor om dispensasjon frå Kommuneplan. Denne tomte ønskes delt slik som vist på kart med ei ny tomt på omlag 750 m². Det er ønske om utnyttingsgrad på 30 % Bya på tomte samt løyve til å bygge 2 bueiningar på tomte. I forbindelse med deling så ønskes det grensegang mot tilstøtande eiendomar for å få fastlagt nøyaktige grenser. Det søkes om at tomte får tilkomst frå Nedrebøvegen.

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr.	2015/517
Løpnr.	12 FEB 2015
Arkivdel:	BYGG
Klassering P:	20/24
Klassering S:	

Dispensasjonsøknad

Plan-og bygningsloven Kapittel 19

Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i: Plan- og bygningsloven med forskrifter, Komm. vedtekter til pbl
Begrunnelse for dispensasjon:

Det søkes om deling av grunneiendom Gnr 20 Bnr 24 i Volda kommune. Tomta er ei boligtomt med hus på, med areal ca 1925 m². I kommuneplan for Volda sentrum så er tomte betegna som Lnf område. Det søkes derfor om dispensasjon frå Kommuneplan. Denne tomte ønskes delt slik som vist på kart med ei ny tomt på omlag 750 m². Det er ønske om utnyttingsgrad på 30 % Bya på tomte samt løyve til å bygge 2 bueiningar på tomte. I forbindelse med deling så ønskes det grensegang mot tilstøtande eiendomar for å få fastlagt nøyaktige grenser. Det søkes om at tomte får tilkomst frå Nedrebøvegen. Ny tomt kan koblast til eksisterande private vannledning og avløpsrør som ligger frå kommunalt anlegg ved vikebygdvegen og til tomte.

Arealdisponering

Planstatus mv.

Type plan	Navn på plan
Kommuneplanenes arealdel	Kommuneplan for volda sentrum
Reguleringsformål	
Lnf/ bolig	
Beregningsregel angitt i gjeldende plan	Grad av utnytting iht. gjeldende plan
%BYA	30%

Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Andre relevante krav

Kommuneplan for volda sentrum med vedtekter

Tomtearealet

Byggeområde/grunneiendom	1925,00 m ²
- Ev. areal som trekkes fra iht. beregningsregler	0,00 m ²
= Beregnet tomteareal	1925,00 m ²

Bebyggelsen

Beregnet maksimalt byggeareal iht. plan	577,50 m ²
Areal eksisterende bebyggelse	228,00 m ²
- Areal som skal rives	0,00 m ²
+ Areal ny bebyggelse	0,00 m ²
+ Parkeringsareal	0,00 m ²
= Sum areal	228,00 m ²

Grad av utnyttning

Beregnet grad av utnyttning	11,84
-----------------------------	-------

Plassering av tiltaket

Høyspent kraftlinje er ikke i konflikt med tiltaket .
Vann og avløpsledninger er ikke i konflikt med tiltaket.

Krav til byggegrunn

Flom

Ikke relevant

Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)

Ikke relevant

Tilknytning til veg og ledningsnett

Adkomst

Tiltaket gir ny/endret adkomst.
Tomta har adkomst til kommunal veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel. Avkjørselstillatelse er gitt.

Vannforsyning

Tomta er tilknyttet offentlig vannverk
Vanntilførsel krysser annens grunn.
Tinglyst erklæring foreligger IKKE.

Avløp

Tomta er tilknyttet offentlig avløpsanlegg
Avløpsanlegg krysser IKKE annens grunn.

Overvann

Takvann/overvann føres til avløpssystem

Parter

Andre myndigheter

Navn Statens vegvesen region midt, Adresse Fylkeshuset, 6413 MOLDE.

Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Navn Møre og Romsdal Fylke, Adresse Fylkeshuset, 6413 MOLDE.

Navn Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Adresse Fylkeshuset, 6413 MOLDE.

Vedlegg

Vedleggstype	Gruppe	Beskrivelse av vedlegget	Hvordan oversendes vedlegget?
Kvittering for nabovarsel	C		Ettersendes per post
Redegjørelse - estetikk	E		Ettersendes per post
Situasjonskart	F		Ettersendes per post

Erklæring og signering

Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl. Kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger

Ansvarlig søker

Dato 10.02.15

Signatur Bent Håkonsen

Gjentas med blokkbokstaver

Tiltakshaver

Dato 10.02.15

Signatur Bent Håkonsen

Gjentas med blokkbokstaver

**Volda Komune
Stormyra 2
6100 Volda**

Volda 10.02.2015

Søknad om deling av grunneiendom.

Vedlagt ligger søknad omdeling av min boligtomt gnr 20 bnr 24 i Volda kommune.

Tomta mi er i dag ca 1925 m2.

Dette er såpass stort at eg ønsker å dele denne slik at det går and å bygge et nytt hus på den fraskilde tomte.

Det er ønske om ny avkjørsle frå Nedrebøvegen til den nye tomte. Eg ber også om at det i delingsvedtak blir satt ei utnyttingsgrad på den nye tomte på Bya 30 % samt at det blir gitt tillatelse til å bygge hus med 2 bueiningar på tomte.

I kommuneplanen for Volda sentrum så har tomte betegnelse Lnf område.

Dette må være feil. for denne tomte er ei boligtomt.

Vennleg hilsen




Børre Heltne




1:500

20.01.2015



Kartopplýsingar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjá kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonsskart som skal nyttast í søknadar SKAL ha þátekna rutenett og vere í málstockk 1:1000 eller 1:500.



Tomt del av 20/24

500 m

Volda kommune
Planinnsyn

► Oversiktskart

▼ Søkord

► Informasjon

▼ Velg kart

Kommuneplan

Reguleringsplan

Grunnkart

Tegnforklaring

Kart Foto Hybrid 2D Send forespørsel Fjern markeringer

© 2014 Norkart AS
Map data: OpenStreetMap contributors, Sveriges Lantmäteri, Lisens nr. 000086

1519_2010013 Plandokumenter (5)			
	Dokumenttype	Dokument	Beskrivelse
Gjeldende bestemmelser	Gjeldende bestemmelser	KDP Volda-Furene_18122014_godkjent.pdf	
	Gjeldende bestemmelser	teknisk plan - Furene.pdf	
	Gjeldende bestemmelser	teknisk plan - sentrum.pdf	
Vedtaksdokumenter	Vedtak	kommunestyret sak 153-14 18-12-2014.pdf	
	Risiko- og sårbarhetsanalyse	ROS-analyse E39 Volda - Furene.pdf	

NORKART

Hjelp

*Aktuell
kom*

Side 40



Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/517	Ans. UTV
Løpnr.	Shs PH
12 JUN 2015	
Arkivdel	BYGG
Klassering P	20/24
Klassering S	

Volda kommune Deling av grunneigedom gnr20 bnr24 på Heltne Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Det er søkt om frådeling av tomt for å setje opp ein 2-mannsbustad. Omsøkte tomt ligg i LNF-område i gjeldande kommunedelplan.

Landbruksinteresser

Tomta som søkjast frådelt, utgjer fulldyrka jord og er ein del av eit større landbruksområde. Sjølv om avgivareigedomen er på knapt to dekar, og i søknaden er omtala som ei bustadtomt, er status som LNF i kommunedelplanen rettsleg bindande. Om det etablerast ein tomannsbustad her, vil den grense til fulldyrka jord, men samstundes grense til bustadtomter både ovanfor og nedanfor.

Konklusjon

Ut frå at arealet utgjer fulldyrka jord og er ein del av ein større teig, rår vi ifrå omsøkte søknad.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen region midt	Fylkeshuset	6404	Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Statens vegvesen

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Norvald Walderhaug -

Vår referanse:
2015/054058-002

Dykkar referanse:
2015/517 3704/2015

Vår dato:
11.05.2015

Fv 45 - Gnr. 20 bnr. 24 i Volda kommune - Deling av grunneigedom - Dispensasjon frå kommuneplan / delplan Volda sentrum - Uttale

Vi viser til e-post datert 29.4.2015 med oversending av søknad om dispensasjon frå kommuneplan.

Statens vegvesen har utifrå sitt sektoransvar følgjande merknad:

Situasjonsplanen viser at ny parsell skal ha tilkomst frå fylkesveg 45 via Nedrebøvegen. Det må då søkjast om utvida bruk av eksisterande avkjørsle. Det kan reknast med å bli gitt løyve til slik utvida bruk på vilkår om at blant anna siktilhøva tilfredstillar krav gitt i forskrift til veglova §13, slik det går fram av vegnormal N100 i kapittel E.2.3. Det vil medføre at køyretøy frå Nedrebøvegen som skal krysse gang-/sykkelvegen skal ha fri sikt til begge sider i ein avstand på 35m målt 3m frå vegkant gang-/sykkelveg. Frisikten reknast frå førar av motorvogna sin augehøgde (1,1m) til midt på den syklande med høgde 0,8m. Det må undersøkjast nærare om stakittgjerde på eigedomane 20/356 og 20/35 er til hinder for å oppnå naudsynt frisikt. Det vil ikkje bli gitt løyve til utvida bruk av avkjørsle før siktilhøva eventuelt er utbetra.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

for Gittel Beiermann
Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Per N. Walderhaug
Per Norvald Walderhaug

Kopi: Fylkesmannen
Fylkeskommunen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Vår dato: 08.05.2015
Vår ref.: 201502764-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 28.04.2015
Dykkar ref.: 2015/517

Sakshandsamar:
Terje Systad

Uttale til søknad om dispensasjon til frådelling av tomt på GBnr 20/24 - Heltne - Volda kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 28.4.2015. Saka gjeld søknad om deling av grunneigedom gnr. 20, bnr. 24 med det formål og legge til rette for bustad.

Før ein gjev løyve til frådelling bør det gjerast ei vurdering av Heltneelva sitt skadepotensiale for flaum og erosjon mot tomta. Heltneelva går i ein sving inn mot den aktuelle eigedommen, noko som aukar faren for erosjon. Ein må undersøke om det finnes kritiske punkt langs elva i eller ovanfor tomta som kan medføre at bekken kan ta nytt løp inn mot tomta. Meir detaljerte råd om kartlegging av flaumfare i mindre vassdrag er å finne i NVE sin rettleiar 3/2015 «Flaumfare langs bekker». For å sikre bygningar mot skade frå flaum og erosjon er tilrådd minsteavstand til bekk på minimum 20 meter. Er terrengforholda slik at planområdet er spesielt utsett for flaum og erosjon bør avstanden mellom busetnad og bekk vere større.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR





Volda kommune

postmottak@volda.kommune.no

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2015/947	7497/2015	SKAARA	1519/20/24	28.05.2015

1519 GNR/BNR 20/24 - SØKNAD OM DELING AV EIGEDOM - BØRRE HELTNE - JORDLOVSHANDSAMING

Oversending av saksutgreiing med framlegg til vedtak som vert oversendt Volda kommune for innlemming i sak der:

Saka gjeld: Handsaming etter jordlov
ephorte saksnummer Volda: 2015/517

1519 gnr/bnr 20/24

Tilråding til vedtak:

Omdisponering etter jordlova § 9, vedtak:

Med heimel i jordlova § 9 vert det gitt løyve til omdisponering av 0,6 daa dyrka jord frå eigedomen gnr 20 bnr 24. Grunngevinga for at ein her gjev løyve til omdisponering er at eigedomen og jordbruksarealet er so lite at det vanskeleg kan gi grunnlag for jordbruksproduksjon på gnr 20 bnr 24.

Storleiken gjer at eigedomen ikkje treng løyve til deling etter § 12 i jordlova.

Utskrift til:

Børre Heltne, Vikebygdvegen 43, 6104 Volda

Saksvedlegg:

1. Søknad om deling frå Børre Heltne med vedlegg, dagsett 12.02.2015
2. Høyringsbrev frå Volda kommune, dagsett 28.04.2015

Samandrag av saka:

Eigar av gnr 20 bnr 24 i Volda, Børre Heltne, søker om å få dele eigedomen.

Saksopplysningar:

Søknaden er dagsett 12.02.2015, og Volda kommune laga høyringsbrev 28.04.2015, som vart sendt høyringspartane inkl. landbrukskontoret Ørsta/Volda for jordlovshandsaming. Frist for å kome med innspel er sett til 10.06.2015.

Tekst frå oversendinga:

”.... Den aktuelle eigedomen er ein eigedom frådelt hovudbruket i 1931. Eigedomen har lege ubebygd og vore nytta som del av landbruksarealet på gnr 20 bnr 1 fram til det vart bygd bustadhus på nordre del av eigedomen i 1975. Nedre del av parsellen er fram til no nytta av 20/1 som del av landbruksareal/beite. Den aktuelle tomte ligg i område som i kommunedelfplan Volda sentrum, Mork – Furene og Vikebygda, planID 2007010 – plan godkjent 18.06.2009, er lagt ut som LNF-område sone A. ... Aktuell arealbruk/deling krev såleis dispensasjon frå plan og frå jordlova og vert sendt dykk for høyring før vidare sakshandsaming i kommunen. I høve saka finn ein grunn til å vise til at det er varsla oppstart av privat reguleringsplan for områda sør for fylkesvegen på gnr 20 bnr 1 sin eigedom, med sikte på utnytting til bustadformål. ”.

Børre Heltne er eigar av ”Gamlestølen” gnr 20 bnr 24 på Heltne. Eigedomen er på 2,1 daa – fordelt på 0,8 daa fulldyrka jord, 0,6 daa produktiv skog, og 0,7 daa bebygd areal. Det vert no søkt om å få dele ifrå eit areal på 750m² der føremålet er å byggje to bueiningar. Eigedomen har våningshus og garasje.

Arealet ein vil dele frå på 750 m² består av 600 m² fulldyrka jord og 250 m² skog.

Arealet det vert søkt på er i kommuneplanen i figur Fr36 friområde i LNF-område sone A.

Eigedomen hørde tidlegare til bnr 1 og den ligg i denne sin vestre kant inn mot Heltneelva og Nedrebøvegen. I nord kjem våningshuset på eigedomen og i sør ligg 20/35 som er bebygd tomt. I aust har ein eit fulldyrka areal på bnr 1. Det avgrensa fulldyrka arealet her - på bnr 1 og bnr 24 - utgjer til saman 2,6 daa.

Søkjar grunngjev søknaden med at ein vil utnytte eigedomen til bustadbygging.



Frådelinga. Utsnitt frå ortofoto av 20/24. Arealet som skal delast frå er markert med raud farge. (Skjermdump frå Skog og landskap)



Gnr 20 bnr 24. Skjermdump frå gardskartet som syner eigedomen.



Skjermedump frå
Street view.
Frådelinga grovt
innteikna med
raudt.

Vurdering og konklusjon:

Med verknad frå 01.07.2013 er det gjort endringar i jordlova sin delingsparagraf, §12. Det er også gitt ut nytt rundskriv: *M-1/2013 Omdisponering og deling*.
§12 Deling i jordlova lyder no slik:

Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaking, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige.

Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja. (etc.)

Under formål i rundskriv M-1/2013 skal ein vurdere om paragrafen får verknad ut frå at delinga gjeld ein eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk. Sitat:

”.... Eiendommen må ha en slik størrelse og beliggenhet at den kan gi grunnlag for lønnsom drift. En liten eiendom kan omfattes av bestemmelsen om deling dersom det hører dyrka jord av høy kvalitet til eiendommen. I praksis har en eiendom med totalareal på 5 dekar blitt ansett tilstrekkelig ettersom den hadde 3 dekar fulldyrka jord. Eiendommens beliggenhet er et relevant moment. Det samme gjelder kvaliteten på arealet, vekstvilkår, og hvilken produksjonsform som er påregnelig.”

Her er eigedomen på 2,1 daa og den fulldyrka jorda utgjør 0,8 daa. Vi vurderer det her slik at eigedomen er sopass liten og med så lite dyrka areal at delinga ikkje krev løyve etter jordlova § 12. I jordlovhandsaminga vil ein for denne søknaden berre vurdere søknaden etter § 9 *Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord*.

Jordlova § 9. *Bruk av dyrka og dyrkbar jord:*

Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar.

Samtykke til omdisponering kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla lova skal fremja. Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett igang innan tre år etter at vedtaket er gjort. Departementet kan påby at ulovlege anlegg eller byggverk vert tekne bort

Her er brorparten av arealet ein vil dele frå fulldyrka mark. Arealet ligg i direkte tilknytning til ei dyrka flate på 2,6 daa.

Tema:	Vurdering og drøfting i høve jordlova §9:
Omsyn til godkjende planar i området	Området er i kommuneplanen LNF-område (Fr36). Område ligg som ein sone langs Heltneelva. Vest og nordaust for område har ein store område som er avsett til bustad.
Omsyn til drifts- og miljømessige ulempe for landbruket	Plasseringa av tomt på fulldyrka mark er i utgangspunktet i strid med jordvernet. Det avgrensa arealet her er likevel av ein slik storleik og med ei slik arrondering at arealet har avgrensa bruks-egenskapar. I oversendingsbrevet nemner ein og den varsla private reguleringa sør for fylkesvegen. Dersom ein må vekte areala sør for Fv mot areala nord for vegen så er verdiane for jordbruket klart størst sør for vegen. Jordvernomsynet er tyngre sør for vegen enn nord for vegen grunna kvalitetane på areala.
Omsyn til kulturlandskap	Kulturlandskapen vil verte endra. Det vert eit skilje mellom den dyrka jorda og elva – som tidlegare har henge saman.
Omsyn til gagn for samfunnet	Frådelt areal til busetnad vil gi høve til meir busetnad. Samstundes har ein andre område for dette i nærleiken, og i plan har ein sagt at her ikkje skal vere busetnad.

Forbodet mot omdisponering legg opp til eit strengt jordvern. Ein skal føreta ei samla vurdering, der ein skal ta omsyn til plangrunnlaget, drifts- og miljømessige ulemper, kulturlandskap og gagn for samfunnet.

Forbodet gjeld dyrka og dyrkbar jord uansett storleik. Likevel er det ein føresetnad for forbod at arealet aleine eller saman med anna jordbruksareal på eigedomen kan gi grunnlag for produksjon. Høve til produksjonen må og ha eit visst omfang – for sal eller til eige bruk.

Samla sett, ut frå dei vurderingane som skal gjerast ut frå jordlova, finn ein ei overvekt for at ein ikkje vil gå imot omdisponering av 0,6 daa fulldyrka jord frå gnr 20 bnr 24. Ein har då lagt særleg vekt på storleik, plassering og arrondering.

Ørsta, 28.05.2015

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar


Børild Skåra
Sakshandsamar

Alternativ 2 tilkomst med veg til tomt utskilt frå 20/24-Børre Heltne.

Etter samtale med Børre Heltne, viser det seg vanskeleg å få gjennomført alternativ 1. utan at tomte til Børre Heltene vert vesentleg redusert og planen vert i praksis umogleg å gjennomføre. Vi ynskjer derfor å sjå vekk frå det første alternativet til veg. Arealet aust for tomtene er Lnf-areal og det er ingen avtale om å nytte dette arealet. Eit anna alternativ vi har kome fram til kan vere alternativ 2 som er illustrert under.

Her vil ein få dei same positive verknadane i forhold til trafikksikkerheit og tilkomst. Ein vil vidare truleg få ein lågare utbyggingskostnad på denne vegen. Det er ei føresetnad at grunneigarar som grensar mot vegen frå vegrett, og at standarden høver til vidare utbygging i tilstøytande areal. Som rekreasjonsområde vil alternativ 2 høve betre, her vil mjuke trafikantar gå langs elva i lengre utstrekning enn no.

Dersom denne vegen vert bygd ut i samband med elve-prosjektet vil kostnadane for å endre vegen verte langt lågare enn elles. Eg reknar med at det vil verte ein anleggsveg langs elva medan elve-prosjektet vert gjennomført. Ved å gruse opp og asfaltere denne vil det verte ein fin veg. I samtale med grunneigar Rasmuss Heltne er dette eit alternativ han ynskjer å diskutere. Det er mogleg dette alternativet er det mest gunstige for alle paratar.



Sveinar Kleive

ByggSøk ID- 10378276

Merknadar til frådeling av tomt 20/24 Børre Heltene

Merknadar skrive av Hildegunn og Sveinar Kleive, 20/35 og 20/356


Merknadar til frådeling av bustadtomt frå tomt i Vikebygdvegen 43, 6104 Volda. Børre Heltne. ByggSøk ID- 10378276

- Det søkes om dispensasjon frå Lnf-området som tomta ligg i. Det er naturleg å sjå på dette som areal for bustad og vi seier oss einige i at området bør få dispensasjon frå Kommuneplan.
- Det søkes om å nytte Nedrebøvegen som tilkomst til tomta. Dette ser vi på som uheldig i og med at Nedrebøvegen er ein gangveg og ikkje har ein standard som høver til meir trafikk. Vi foreslår å flytte vegen som vist på teikninga. Med eit slikt tiltak kan noverande avkjørsel stengast og ein vil då få endra trafikkbiletet til det betre. No ser vi at mange, særleg syklistar, kryssar Vikebygdvegen i rask fart, utan å sjå seg føre. Vi observerer bilar som bremsar hardt, og særleg i sommarhalvåret er staden utsett. Ved å flytte vegen, kan ein samstundes endre standarden slik at han kan nyttast som bilveg knytta til framtidig utbygging langs Nedrebøvegen. Ei slik omlegging av vegen vil føre til at vår eigedom, 20/35 og 20/356, unngår trafikken på Nedrebøvegen med tilhørande faremoment og ulemper. Det er naturleg å tenkje at ein kan utvide vegen i samband med arbeidet som skal ta til i elva.
- I samband med omlegging av veg og dispensasjon frå Kommuneplan kan det vere lurt å sjå på området i si heilheit og vurdere andre samanhengar i planarbeidet vi ikkje har innsyn i.

Byggsøk ID- 10378276

Merknader til frådeling av tomt 20/24 Børre Heltene

Merknader skrive av Hildegunn og Sveinar Kleive, 20/35 og 20/356



Mvh Hildegunn Valen Kleive og Sveinar Kleive

Hildegunn Valen Kleive Sveinar Kleive

Volda Kommune
Stormyra 2
6100 Volda

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/517	Ans. DTV
Løpnr.	SFS TS
4 MAR 2015	
Arkivdal:	BYGG
Klassert D:	20/24
Klassering S:	

Dato: 04.03.2015

Sak. Søknad om deling av tomt Gnr. 20 Bnr. 24 Kommunens sak 2015/517
Søkjars kommentar til merknad frå nabo. Pbl. § 21-3 og Sak. § 5-2

Ved utgått frist for nabomerknader så er det motteke merknadar frå nabo Hildegunn Hvalen Kleive og Sveinar Kleive, og merknadane ligg ved dette brevet.

Det er 4 stk. sider i merknad og desse merknader er sendt inn i 2 omgangar med forskjellege mellomrom.

Kleive: Kleive seier seg einig i at det omsøkte areal er areal for bustad og seier seg einig i at området bør få dispensasjon til deling.

Søkjars kommentar: Ein poengterer at nabo Kleive seier seg einig i at areal bør få dispensasjon.

Kleive: Han meiner at det er uheldig at Nedrebøvegen blir tilkomst for tomta. Han meiner at Nedrebøvegen er en gangveg og ikkje har standard for meir trafikk og at den er trafikkfarleg for spesielt syklistar som kryssar fylkesvegen. Han har lagt ved skisser der ein ønsker omlegging av Nedrebøvegen til andre sida av sitt hus og over den omsøkte tomta 20/24

Søkjars kommentar: Ein kjenner ikkje til at Nedrebøvegen er gangveg. Vegen er en kjøreveg med gjennomkjøring forbode. Både Kleive si tomt, 20/24 Nedrebøen og andre eigedomar i tilknytning til vegen har nytta vegen som kjøreveg i alle år, og vegen er ikkje skilta som gangveg. Vegen har ei breidde på 2,9-3,5 meter, og per dags dato så er der 4 eigedomar derav 2 bustadhus som bruker vegen som køyretilkomst. Til samanlikning så visast det til kommunal veg 20/423-422 Smiebakken. Denne veg har ei breidde på om lag same 2,9-3,5 meter og er nytta av til saman 12 bustader, der 8 av bustadene er godkjent av Volda kommune utbygd av Volda kommune i dei siste 4 åra. Veg er såleis tilfredsstillande dimensjonert som veg for 3-4 bustader. Trafikkauka vil vere besjeden og den vil verken vere urimeleg eller uturvande, og bruk av vegen vil vere i tråd med kva som er i samsvar med tida og tilhøva og ikkje noko større enn Kleive må kunne forvente.

Historie, vegrett

Gnr. 20 Bnr. 24 Gamlebøen blei frå delt bruk 20/1 Hammaren i 1931.

Tomta gjekk den gang frå «fylkesvegen» og låg aust for Nedrebøvegen. Tilkomstveg til tomta var ved frådelling ikkje frå 20/1 men frå Nedrebøvegen som ligg langs tomta.

Bustadtomta 30/35 Nyttun, som no er eigd av Hildegunn Hvalen Kleive og Sveinar Kleive, blei frådelt frå 20/24 Gamlebøen i 1949 og huset som står på tomta blei bygd i 1950. Tomta nyttar sjølvstendig den forutsette vegtilkomst Nedrebøvegen som tilkomst.

20/24 Gamlebøen har sidan frådelinga hatt vegtilkomst frå Nedrebøvegen. Sjølv om det i 1976 blei bygd hus på delar av tomta med tilkomst frå 20/1 Hammaren, så har ein i alle år brukt Nedrebøvegen som tilkomst ved slått, gjødselspreiing, og annan tilkomst i tråd med tida og forholda. 20/24

Gamlebøen sin vegrett til Nedrebøvegen er tvillaust, og der føreligg ikkje grunnlag for Kleive sine påstandar om at tomta ikkje kan nytte vegen. Om Kleive meiner at Gamlebøen 20/24 ikkje har rett til veg, så har heller ikkje Kleive rett til å nytte veg til si tomt.

- 20/24 har hatt rett til veg og brukt Nedrebøvegen heilt sidan tomta blei frådelt hovudbruket, og har då uansett vegrett ved hevd, i tråd med Hevdslova §7 og 8
- Sjølv om Nedrebøvegen ikkje ligg på kommunal grunn så er vegen vedlikehalde og brøyta av kommunen og er jf. veglova § 5 ein kommunal veg.
- Ein ønskjer ikkje/har ikke noko annan tilkomst til den omsøkte tomte enn Nedrebøvegen. Teikning som Kleive har lagt ved, med endra veg rundt sitt hus, er ikkje realistisk. Ein vil ikkje oppnå betre trafikk sikkerheit og sikt, ein kan ikkje byggje ein ny kommunal veg heilt inntil huset til Kleive, der er ikkje plass til ny veg, ein slik veg vil stele areal få 20/24 som ikkje er ønskeleg, og vegen vil få krappe svingar som ikkje vil tilfredstille svingradius for ein ny kommunal veg, Allmennheita vil også miste tilgang til offentleg friområde på eiendomen 20/356 ved denne løysninga.

Nedrebøvegen er ein gamal veg og ein ser ingen grunn til at denne skal endrast. Der føreligg heller ingen statistikk på trafikkulykker i vegkrysset.

Grunnen til at vegen kan vere noko uoversiktleg er at Kleive har høge tre, busker på mange meter, og eit høgt hagegjerde i vegkryss/frisiktsone, som hindrar fri sikt og eit oversiktleg vegkryss. Det vises da til Statens vegvesen si handbok V121 geometrisk utforming av veg og gatekryss side 48-49. Denne rettleiinga nyttar også Volda kommune. Den seier at der i sikttrekant ikkje skal vere sikthinder høgare enn 0,5 meter over køyrebanenivå. Det blir då heilt feil at Kleive set opp høge gjerder og plantar og busker i siktlinje, for så å hevde at avkøyrsl er så uoversiktlig og trafikkfarleg, og at den ikkje kan nyttast. Ein kan såleis ikkje sjå at Kleive sine merknader og diverse forslag til nye vegtilkomstar er relevant for denne delingssaka.

Kleive: meiner at saka bør sjåast i ein større samanheng og i planar han ikkje har innsyn i.

Søkjars kommentar: Dette er ei enkel frådelingsak av ei bustadtomt. Tomta har tilfredsstillande veg, vatn, avløp og det som skal til for å utføre frådeling.

Kleive: viser til ny merknad(2) og seier nå at ein må sjå bort frå hans første forslag til ny veg. Han kjem då med forslag om ny veg over regulert friområde på vestsida av Heltneelva med ny avkøyrsl frå Fylkesvegen.

Søkjars kommentar: Ein kan ikkje sjå at Kleives ønske og skisse for endra veg har noko relevans for denne delingssaka. Eit slik ønske om endring av veg må takast opp i andre forum enn som innspel til eit varsel om frådeling av tomt, som Kleive faktisk har sagt seg einig i at bør frådelast og bør få dispensasjon.

Avslutningsvis:

En vil til slutt poengtere at vår eigedom er ei bustad tomt og ikkje eit LNF areal som kommuneplan viser. Vi meiner at kommuneplan her er missvisande og må være feil. Og en håper at kommune kan sjå positivt på vår delingssøknad.

Med venleg helsing

Siv Egset Heltne og Børre Heltne, tiltakshavarar og søkjarar.

Vedlegg: Merknadar frå nabo



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Elisabeth Busengdal

Arkivsak nr.: 2014/1771

Arkivkode: 19/38/54

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

78/15

Forvaltningsstyret

17.11.2015

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN (RIDDERSTRØM 1987) GNR 19/ BNR 38/ FNR 54

Administrasjonen si tilråding:

- *Det synest ikkje vere grunnlag for utbygging til forretning etter gjeldande reguleringsplan i dag. Forvaltningsstyret gir ut frå dette dispensasjon frå plan for ei omdisponering av gnr 19 bnr 48-fnr 54 til bustadføremål. Forvaltningsstyret finn ut frå eigedomen sin lokalisering, alder og arkitektonisk kvalitet at eigedomen/bygget, som vilkår for dispensasjon, bør leggst inn under gjeldande reglar for "Spesialområde- bevaring av bygningsmiljø", med omsyn til kriteria for bygningsmessige tiltak. Jf. Reguleringsføresegnene §32-39.*
- *Forvaltningsstyret legg til grunn at vurdering av estetiske kriteriar og kriteriar knytt til fasademessig uttrykk og materialbruk mv vert vurdert ut frå desse plan-føresegnene ved handsaming av byggesøknaden.*

Vedleggsliste:

Søknad

Kvittering nabovarsel

Kartutsnitt

Foto

Fråsegn til nabovarsel

Utsnitt gjeldande reguleringsplan

Uprenta saksvedlegg:

Reguleringsplan, Volda sentrum 1987

Samandrag av saka:

Saka gjeld dispensasjon frå reguleringsplan, Volda sentrum-1987007(Ridderstrøm-planen).

Reguleringsføremålet for gnr 19/bnr 38/fnr 54 er *forretning*.

Saka gjeld omdisponering til bustadføremål.

Det er og søkt byggeløyve for endring av fasade og tilbygg.

Bygninga er SEFRAK- registrert og oppført *før 1850*.

Saksopplysningar:

Det er søkt om dispensasjon frå reguleringsplan Volda sentrum 1987. (Ridderstrøm-planen).

Saka gjeld endring av fasade, tilbygg og omdisponering til bustadføremål på gnr 19/bnr 38/fnr 54. Reguleringsføremålet i reguleringsplanen er *forretningsformål*.

I saka er det søkt om dispensasjon frå planføremål, der tiltakshavar søker om omdisponering frå reguleringsføremål *forretning* til bustadføremål for gnr 19/bnr 38/ fnr 54. I søknaden er det søkt om utvida kjellar tilbygg med veranda mot sør, tilbygg (mot kyrkjegarden) med veranda mot aust og overbygg inngangsparti mot nord. (Sjå vedlegg) Tiltaket er nabovarsla, det ligg ikkje føre merknadar til saka.

Tilbygg til eksisterande bustadhus med formål å etablere større areal for busetnad, er i strid med reguleringsføremål *forretning*. Tiltaket krev derfor dispensasjon frå reguleringsføremål.

Tilbygg/ombygging er allereie gjennomført.

Det ulovlege byggearbeidet er registrert av kommunen, og det er gitt varsel om pålegg i brev frå Volda kommune Utvikling dat. 30.09.2014. Kommunen har gitt ein frist til utgangen av året 2014 til å rette opp det ulovlege forholdet, alternativt å søkje om løyve til tiltak.

Søknad er no fremja i samsvar med dette pålegget.

Bygninga er SEFRAK- registrert og huset er oppført *før 1850*.

Etter som bygget/eigedomene ligg i område regulert til *forretning* kjem det ikkje innanfor dei områda/eigedomane som i sentrumsplanen er definert som "Spesialområde"- område til bevaring av bygningsmiljø.

I samband med søknad om tilbakeføring av bruksføremål til bustad, bør ein ut frå dette også vurdere om det er aktuelt å legge slike kriteria til grunn også for denne eigedomene. Jf her også den sentrale plasseringa eigedomene har i høve til andre deler av desse spesialområda og kyrkjegarden som nabo.

Tiltakshavar er orientert om historikken i saka, og at fylkeskonservator skal ha saka til uttale i samband med tiltak som skjer innanfor aktuelle areal til "spesialområde" og områder innanfor ein avstand av 50 meter frå kyrkjegarden.

Kulturvernseksjonen ved M&R Fylkeskommune v/ Toril Moltubakk, har gjennomført synfaring på byggeplass i Kyrkjegata 4 , 28.01.2015. Hensikta med synfaringa var å sjå nærmare på dei eksteriørmessige detaljane for eksisterande bygg og planlagt tilbygg, og kva omsyn ein bør ha for tiltaket over for kyrkja og kyrkjegarden.

Før kulturvernseksjonen ved Møre og Romsdal fylkeskommune vil utale seg konkret til byggesaka , ynskjer dei ei vurdering frå kommunen i høve dispensasjonssøknaden.

Vurdering og konklusjon:

I reguleringsplan er det vist ein samla utbyggingsareal til forretning som omfattar eigedomane Storgata 6-8 og kyrkjegata 2-4. Remøygården vart bygd ut utan at eigedomen Kyrkjegata 4 vart inkludert.

Det synest ikkje vere interesse for vidare utbygging til forretning i dette området i dag.

Ut frå dette finn ein det akseptabelt at eigedomen vert vidareført som bustadtomt og at det vert gitt dispensasjon frå reguleringsplan for bruksformålet.

Dersom ein finn at reguleringsformålet bør endrast tilbake til bustadformål slik no søkt om, bør ein og ta stilling til om dette er ein eigedom/eit bygg som har slike kvalitetar at det bør kome inn under reguleringsplanen sitt formål "Spesialområde- bevaring av bygningsmiljø". Ut frå bygget sin alder, utforming og tomte si lokalisering finn eg at dette er høgst aktuelt. Bygget er som nemnt SEFRAK- registrert, og er oppført *før 1850*. Det er lovfesta at slike bygg skal vurderast særtskilt før ein eventuelt gir løyve til å rive, flytte eller endre bygget, (Kulturminnelova §25).

Kommunen ser det som svært uheldig at tiltak er gjennomført utan søknad.

Når det er sagt vurderer kommunen det som positivt at bygget og eigedomen vert teken vare på og haldt vedlike. Kommunen er også positiv til tiltak som legg til rette for fortetting og gir fleire som bur i sentrumsområdet.

Slik fortetting og tilrettelegging for bustad er lagt som intensjon både i reguleringsplan og i kommunedelplan Volda sentrum. Kommunen er såleis generelt positiv til opprusting og naudsynt vedlikehald av sentrumsbygg, men då med føresetnad av at omsyn til estetiske og arkitektoniske retningslinjer er vurdert.

I dette tilfellet ser *ikkje* kommunen at dette er tilstrekkeleg vurdert og ivareteke.

Dette bør fylgjast opp i vidare handsaming av byggesøknad.

Kommunen tilrår dispensasjon frå plan for ei omdisponering til bustadføremål. Eigedomen har slik lokalisering, alder og arkitektonisk kvalitet at det bør leggjast inn under gjeldande reglar for "Spesialområde- bevaring av bygningsmiljø", med omsyn til kriteriar for bygningsmessige tiltak. Jf. Reguleringsføresegnene §32-39.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen særskilde endringar ved tiltaket.

Økonomiske konsekvensar:

Tiltaket har ingen økonomiske konsekvensar for kommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen vesentlege. Branntekniske tiltak vert avklara gjennom byggesak.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Per Mulvik AS

Kopi til:

Erik Aarseth

Møre og Romsdal fylkeskommune
Jørgen Vestgarden

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2014/1771	Ans. UTV
Løpnr.	Sfs. IK
4 MAR 2015	
Arkivdel:	BYGG
Klassering P:	19/38/54
Klassering S:	

VOLDA 03.03.2015
Tlf. Idar 70 07 49 93
Tlf. sentral 70 07 49 90
Mobil 91 58 98 79
E-post idar@mulvik.no
Org.nr. 941 987 516 MVA

Volda kommune
Teknisk sektor
Rådhuset

6100 Volda

Dykkar ref.: Arkivsaks.nr: 2014/1771 Ingvild Kalvatn / Jørgen Vestgarden

Vår ref.: Idar Hagen

Gnr/bnr/fnr 19/38/54 – Byggetiltak
TH: Erik Aarseth, Pb. 1, 6101 Volda
Søknad om godkjenning av tiltak i ettertid.
Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan.

Kort historikk:

Tiltakshavar (TH) har iverksatt søknadspliktig byggearbeid på eldre bustadhus på eigedomen gnr/bnr/fnr 19/38/54 utan at det ligg føre løyve til tiltak.

Det ulovlege byggearbeidet er registrert av kommunen, og TH har motteke orientering og varsel om pålegg i brev frå Volda kommune Utvikling dat. 30.09.2014. Kommunen har gitt ein frist til utgangen av året 2014 til å rette opp det ulovlege forholdet, alternativt å søkje om løyve til tiltak.

Registrert gjennomført byggearbeid pr. 08.12.2014:

Per Mulvik AS er kontakta av Erik Aarseth 03.12.2014, med ynskje om bistand i samband med søknad om løyve til tiltak i ettertid. Per Mulvik AS v/ Wetterhus og Hagen gjennomførte måndag 08.12.2014 ei synfaring på bygget si underetasje, for å gjere seg kjent med dei faktisk utførte byggearbeider.

Det er gjennomført ei utgraving av den «gamle» kjellaren for å auke himlingshøgda, og eit tilbygg er bygd inn til eksisterande langvegg mot syd. Ny terrasse er etablert oppå det flate taket over tilbygget.

Det er støypt golv i ny og gammal del av kjellar, med varmekablar i enkelte soner av golvet. Nye botnleidningar og røroppstikk er etablert. Nye vindu er montert i tilbygg i kjellar.

Øvrige etasjar på bygget er ikkje synfart. TH opplyser at det er gjennomført renovering og oppussing av kjøkken/ baderom i den opprinnelege bygninga.

Tilhøve til eksisterande reguleringsplan.

Planføremål:

Reguleringsplan for Volda sentrum (Ridderstrøm-planen) eigengodkjend 08.10.1987 er gjeldande planverkty. Eigedom 19/38/54 ligg under formål «Forretning». Bygningen ligg *ikkje* innanfor soner som er definert som «Spesialområde».

Det er nærliggande å anta at bustadhuset på 19/38/54 har vore vurdert som eit mindre interessant verneobjekt, i samband med utarbeiding av Sentrumsplanen i 1987. Dette kan ha samband med den tette beliggenheita inn mot forretningsarealet (Remøygården). Remøygården er plassert så nær det gamle bustadhuset at det var nødvendig å kappe av delar av takutstikket /vindskiene for å få plass.

Tilbygg til eksisterande bustadhus med den hensikt å etablere større areal for busetnad, er formelt i strid

med formålet «Forretning» i reguleringsplan. Tiltaket krev dispensasjon frå reguleringsplanen vedr. bruksføremål for tilbygget på bustadhuset.

SEFRAK:

Bygningen er SEFRAK-registrert.

Det er innhenta opplysningar om husløpenummer 165, registreringskrets ID3.

Møre og Romsdal Fylkeskommune v/Kulturvernseksjonen er informert om igangsatte byggearbeider, og har kommentert forholdet pr. e-post til Volda kommune 18.08.2014. Kulturvernseksjonen viser i e-posten til at huset er SEFRAK-registrert, og at huset (iflg. Kulturvernseksjonen) skal vere oppført **før 1850**.

Ved dokumentert oppføringstidspunkt før 1850, har Kulturminneloven (KML) fylgjande ordlyd under §25, 2. avsnitt:

Sitat: ...»Kommunen plikter å sende søknad om riving eller vesentlig endring av ikkje fredet byggverk eller anlegg oppført før 1850 til vedkommende myndighet senest fire uker før søknaden avgjøres. Vedta om riving eller vesentlig endring av slike byggverk og anlegg skal umiddelbart sendes vedkommende myndighet, dersom denne myndigheten har utfalt seg mot riving eller vesentlig endring...» sitat slutt.

Iflg. Volda-soga bind 4 er bygningsobjektet i Kyrkjegata 4 definert som bustadhus med skreddarverkstad. Byggeåret er oppgitt til 1893.

Ein vil difor hevde (med henvisning til opplysningane i Volda-soga bind 4) at bustadhuset i Kyrkjegata 4 ikkje kjem i konflikt med KML §25, 2. avsnitt.

Tilhøve til andre myndigheiter; Kulturvernseksjonen i Møre og Romsdal Fylkeskommune.

Kulturvernseksjonen ved M&R Fylkeskommune v/ Toril Moltubakk, har gjennomført synfaring på byggeplass i Kyrkjegata 4, 28.01.2015. Hensikta med synfaringa var å sjå nærmare på dei eksteriørmessige detaljane i samband med hensynet overfor kyrkja og kyrkjegarden forøvrig.

Tilbakemelding frå kulturvernseksjonen.

Kulturvernseksjonen har gitt ei skriftleg tilbakemelding pr. e-post etter synfaringa på byggeplass 28.01.2015. Kulturvernseksjonen ynskjer ikkje å gi råd om konkrete avdempende tiltak i denne saka, og vil avvente å gi uttale til det evt. ligg føre ein søknad om dispensasjon.

TILHØVE TIL NABOBYGNINGAR:

Byggetiltaket er ikkje nabovarsla før igangsetting av byggearbeida.

Det er krav til varsling av naboar og gjenbuarar ihht. gjeldande reglar, og må gjennomførast i forkant av søknad om dispensasjon og evt. søknad om løyve til tiltak ihht. PBL §20-1.

Avstandskrav mellom vindusflater på tilbygg og nabobygg skal vere ihht. gjeldande reglar, med tanke på sikring mot brannsmitte.

Søknad om dispensasjon frå reguleringsformål i reguleringsplanen.

Tilbygg til bustadhus er utvida bruk av bustadformål. Bustadformål er i strid med gjeldande reguleringsplan, der tomta 19/38/54 er tilrettelagt for utviding av forretningsareal.

Tiltaket krev difor dispensasjon frå plan.

Tiltakshavar har eit ynskje om å ivareta huset som bustad, og har i løpet av siste året gjennomført større reparasjonar og vedlikehaldsarbeid for å halde huset i hevd. Iflg. opplysningar frå TH var bjelkelag rote og angripe av «mott», og utskifting var tvingande nødvendig. Vidare er enkelte vindauge skifta ut i same

utsjånad som opprinnelege vindaug. Det er lagt ned store kostnader for å ta vare på huset. For at dispensasjon skal kunne gjevast, skal fordelar og ulemper vurderast opp imot kvarandre. Vidare skal ein søkje å argumentere for at fordelane med å gi dispensasjon er større enn ulempene.

Nabovarsling 30.01.2015:

Det er foreteke nabovarsling etter reglane i PBL §21-3 pr rekommandert sending til alle involverte naboar og gjenbuarar.

Det er motteke svar frå Opplysningsvesenets Fond i Oslo. Dei opplyser at det er Volda Kyrkjelege Fellesråd som forvaltar eigedomen på vegne av kyrkja.

Det er motteke fråsegn frå Volda Kyrkjelege Fellesråd v/ kyrkjevevje Jostein Stråbø dat. 02.03.2015.

Fellesrådet har ikkje merknadar til søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen. Fellesrådet vil handsame eit nabovarsel knytt til ei eventuell byggesak som eiga sak og vurdere detaljane i tiltaket nærmare.

Brev er vedlagt denne søknad.

Fordelar med tiltaket:

- Eldre bygning i Volda sentrum vert teken vare på for ettertida.
- Tilrettelagte og forbetra bu-kvalitet med ny terrasse på hovedplan
- Tilrettelegging for auka bu-areal i sentrumsnære område.

Ulemper med tiltaket:

- Reguleringsplanen har ein intensjon om å tilrettelegge for utviding av eksisterande forretningsareal på naboeigedomen (Storgata 8 –Remøygården). Reguleringsplanen er utarbeidd i 1987, og regulert arealbruk harmonerer kanskje dårleg med nyare tankar og visjonar for utviklinga av Volda sentrum. Det er ein ny sentrumsplan på trappene, men denne kan ligge nokre år fram i tid. Tilbygg til eksisterande bustadhus vil teknisk sett vere i strid med planformålet, og det kan hevdast at intensjonen med planen vert sett til side.

Vurdering:

Spørsmålet vil vere om ein ynskjer å ta vare på eldre bygningsmasse og at den nye sentrumsplanen vil ta hensyn til dette. Dette vil på noverande tidspunkt kun verte spekulasjonar. Problemet er at ein ikkje kan vente på avklaringar i saka til den nye sentrumsplanen er godkjend. Den etablerte forretningsdrifta i Remøygården har, etter det vi kjenner til , ikkje lagt planar for ekspansjon av forretningsarealet inn på nabotomta i aust. Dette kan sjølvstøtt ha ulike årsaker, og at ein td. ikkje har vore i posisjon til å kunne kjøpe tomta. I nyare tid har det i Volda sentrum kome til nye lokaliseringar av forretningsverksemd. Dette har «forskyve» tyngdepunktet for forretningsdrift innan Volda sentrum vekk frå Storgata/ øvre del av Kyrkjegata. Ein vurderer det som lite sannsynleg at tomta vil vere «pressområde» for utviding av eksisterande forretningsbygg. Her vil også hensyn til kyrkjegarden og kyrkjebygget vere tungtvegande faktorar. Bustadhuset på 19/38/54 kan vere som ein buffersone mellom kyrkjegarden og forretningsbygget også i framtida.

Konklusjon:

Etter ei samla vurdering av argumentasjonen ovanfor, finn ein at fordelane med å gi dispensasjon frå plankravet overgår ulempene ved realisering og gjennomføring av planformålet. Sett i lys av ein nært foreståande planprosess med utarbeiding av ny sentrumsplan, vil det vere mogleg å legge til rette for bustadformål på den aktuelle tomta. Eit avslag på dispensasjonssøknad vil kunne legge grunnlag for sanksjonar frå kommunen, som i ytterste konsekvens kan ende med krav om fjerning av etablert tilbygg. Dette vil sjølvstøtt vere ein svært uheldig utgang i saka, då huseigar har lagt ned betydelege summar i opprustinga av huset.

For Per Mulvik AS

A handwritten signature in blue ink, reading "Idar Hagen".

Idar Hagen(sign.)

Siv.ing.

Vedl: Utsnitt av gjeldande reguleringsplan, Sentrumsplanen 1987.
Brev frå Opplysningsvesenets Fond . dat. 13.02.2015
Merknader etter nabovarsling , Volda kyrkjelege fellesråd dat. 02.03.2015

Opplysninger gitt i nabovarsel sendes kommunen sammen med søknaden

(Gjenpart av nabovarsel)

plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 § 21-3

Tiltak på eiendommen:						
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiendommens adresse	Postnr.	Poststed
19	38	54		Kyrkjegata 4	6100	VOLDA
Eier/fester					Kommune	
Erik Aarseth, Storgt. 5, 6100 Volda (fester)					Volda kommune	

Det varsles herved om						
☐ Nybygg	☐ Anlegg	☐ Endring av fasade	☐ Riving			
☐ Påbygg/tilbygg	☐ Skilt/reklame	☐ Innhegning mot veg	☐ Bruksendring			
☐ Midlertidig bygning, konstruksjon eller anlegg	☐ Antennesystem	☐ Oppretting/ending av matrikkelenhet (eiendomsdeling) eller bortfeste	☐ Annet			
Dispensasjon etter plan- og bygningsloven kapittel 19						
☐ Plan- og bygningsloven med forskrifter	☐ Kommunale vedtekter	☒ Arealplaner	☐ Vegloven	Vedlegg nr. B - 1		


Arealdisponering		
Sett kryss for gjeldende plan		
☐ Arealdel av kommuneplan	☒ Reguleringsplan	☐ Bebyggelsesplan
Navn på plan		
Sentrumsplanen (Ridderstrøm 1987). Gjeldende planformål: Forretning		

Beskriv nærmere hva nabovarslet gjelder	
Søknad om dispensasjon frå formål "Forretning" i reguleringsplan, for tilrettelegging for utviding/ tilbygg på eksisterande bustadhus i Kyrkjegata 4 i Volda sentrum. Bustadformål er formelt i strid med gjeldande reguleringplan for den aktuelle eiegenomen gnr/bnr/fnr 19/38/54, og innvilging av dispensasjon er påkrevd. Dispensasjonssøknad er vedlagt dette nabovarsel.	
Vedlegg nr. Q -	

Spørsmål vedrørende nabovarsel rettes til			
Foretak/tiltakshaver			
Per Mulvik AS			
Kontaktperson, navn	E-post	Telefon	Mobil
Idar Hagen	idar@mulvik.no	70074993	915 898 79
Søknaden kan ses på hjemmeside: (ikke obligatorisk)			

Merknader sendes til	
Eventuelle merknader skal være mottatt innen 2 uker etter at dette varsel er sendt. Ansvarlig søker/tiltakshaver skal sammen med søknad sende innkomne merknader og redegjøre for ev. endringer.	
Navn	Postadresse
Per Mulvik AS	Holmen 7
Postnr. Poststed	E-post
6100 VOLDA	idar@mulvik.no

Følgende vedlegg er sendt med nabovarselet			
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra - til	Ikke relevant
Dispensasjonssøknad/vedtak	B	1 -	☐
Situasjonsplan	D	1 -	☐
Tegninger snitt, fasade	E	-	☒
Andre vedlegg	Q	-	☒

Underskrift		
Tilsvarende opplysninger med vedlegg er sendt i nabovarsel til berørte naboer og gjenboere. Mottagere av nabovarsel fremgår av kvittering for nabovarsel.		
Sted	Dato	Underskrift ansvarlig søker eller tiltakshaver
Volda	30.01.2015	
		Gjentas med blokkbokstaver
		IDAR HAGEN

Kvittering for nabovarsel sendes kommunen sammen med søknaden

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil signatur gjelde som bekreftelse på at varslet er mottatt. Det kan også signeres på at man gir samtykke til tiltaket.

Tiltaket gjelder							
Eiendom/ byggsted	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.	Kommune
	19	38	54				Volda kommune
	Adresse Kyrkjegata 4				Postnr. 6100	Poststed VOLDA	

Følgende naboer har mottatt eller fått rek. sending av vedlagte nabovarsel med tilhørende vedlegg:

Nabo-/gjenboereiendom				Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			
19	38	54		Erik Olav Røys			
Adresse Kyrkjegata 4				Adresse Røystunvegen 20			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed	Poststedets reg.nr.	
6100	VOLDA			6100	VOLDA	Denne del klistres på kvittering RR 1131 4227 4 NO	
Personlig kvittering for		Dato	Sign.	Personlig kvittering for		Dato	Sign.
☐ mottatt varsel				☐ samtykke til tiltaket			

Nabo-/gjenboereiendom				Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			
19	468			Einy Halkjelsvik			
Adresse Kyrkjegata				Adresse Østgårdsvai 6			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed	Poststedets reg.nr.	
6100	VOLDA			1718	GREÅKER	Denne del klistres på kvittering RR 1131 4228 8 NO	
Personlig kvittering for		Dato	Sign.	Personlig kvittering for		Dato	Sign.
☐ mottatt varsel				☐ samtykke til tiltaket			

Nabo-/gjenboereiendom				Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			
19	468			Sigrid K H Eldorhagen			
Adresse Kyrkjegata				Adresse Børsumveien			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed	Poststedets reg.nr.	
6100	VOLDA			1430	ÅS	Denne del klistres på kvittering RR 1131 4229 1 NO	
Personlig kvittering for		Dato	Sign.	Personlig kvittering for		Dato	Sign.
☐ mottatt varsel				☐ samtykke til tiltaket			

Nabo-/gjenboereiendom				Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			
19	468			Inger Johanne Halkjelsvik			
Adresse Kyrkjegata				Adresse Røyslidvegen 31			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed	Poststedets reg.nr.	
6100	VOLDA			6103	VOLDA	Denne del klistres på kvittering RR 1131 4230 5 NO	
Personlig kvittering for		Dato	Sign.	Personlig kvittering for		Dato	Sign.
☐ mottatt varsel				☐ samtykke til tiltaket			

Nabo-/gjenboereiendom				Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			
19	489			Aarseth Eiendom AS			
Adresse Storgata 6				Adresse Postboks 156			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed	Poststedets reg.nr.	
6100	VOLDA			6101	VOLDA	Denne del klistres på kvittering RR 1131 4231 4 NO	
Personlig kvittering for		Dato	Sign.	Personlig kvittering for		Dato	Sign.
☐ mottatt varsel				☐ samtykke til tiltaket			

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Samlet antall sendinger: 10

Sign.

125604 Dato: 30/1-15

Kvittering for nabovarsel sendes kommunen sammen med søknaden

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil signatur gjelde som bekreftelse på at varslet er mottatt. Det kan også signeres på at man gir samtykke til tiltaket.

Tiltaket gjelder							
Eiendom/ byggested	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.	Kommune
	19	38	54				Volda kommune
	Adresse Kyrkjegata 4				Postnr. 6100	Poststed VOLDA	

Følgende naboer har mottatt eller fått rek. sending av vedlagte nabovarsel med tilhørende vedlegg:

Nabo-/gjenboereiendom				Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			
19	694			Idar Karsten Knutsen			
Adresse Kyrkjegata 5				Adresse Kyrkjegata 5			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed	Poststedets reg.nr.	
6100	VOLDA			6100	VOLDA	Denne del klistres på kvittering RR 1131 4232 8 NO	
Personlig kvittering for		Dato	Sign.	Personlig kvittering for		Dato	Sign.
☐ mottatt varsel				☐ samtykke til tiltaket			

Nabo-/gjenboereiendom				Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			
19	694			Brit J Garshol Knutsen			
Adresse Kyrkjegata 5				Adresse Kyrkjegata 5			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed	Poststedets reg.nr.	
6100	VOLDA			6100	VOLDA	Denne del klistres på kvittering RR 1131 4233 1 NO	
Personlig kvittering for		Dato	Sign.	Personlig kvittering for		Dato	Sign.
☐ mottatt varsel				☐ samtykke til tiltaket			

Nabo-/gjenboereiendom				Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			
19	993			Birger Løken Eighedselskap AS			
Adresse Storgata 8				Adresse Bøkevegen 8			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed	Poststedets reg.nr.	
6100	VOLDA			6103	VOLDA	Denne del klistres på kvittering RR 1131 4234 5 NO	
Personlig kvittering for		Dato	Sign.	Personlig kvittering for		Dato	Sign.
☐ mottatt varsel				☐ samtykke til tiltaket			


Nabo-/gjenboereiendom				Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			
19	993			Hovden Investering AS			
Adresse Kyrkjegata 2				Adresse Gamle Engesetvegen 1			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed	Poststedets reg.nr.	
6100	VOLDA			6102	VOLDA	Denne del klistres på kvittering RR 1131 4235 9 NO	
Personlig kvittering for		Dato	Sign.	Personlig kvittering for		Dato	Sign.
☐ mottatt varsel				☐ samtykke til tiltaket			

Nabo-/gjenboereiendom				Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			
0	0			Opplysningsvesenets Fond			
Adresse Kyrkjegata 6				Adresse Postboks 535			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed	Poststedets reg.nr.	
6100	VOLDA			0105	OSLO	Denne del klistres på kvittering RR 1131 4236 2 NO	
Personlig kvittering for		Dato	Sign.	Personlig kvittering for		Dato	Sign.
☐ mottatt varsel				☐ samtykke til tiltaket			

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Samlet antall sendinger: 10 5-fem Sign: 

125604 Dato: 30/1-15



Utsnitt av sentrumsplanen i Olda

Foto av tiltaket



Kyrkegata 4 sett frå kyrkjetrappa. Forretningsbygget Remøygården i bakgrunnen.



Kyrkegata 4 sett frå Kyrkegata. Kyrkegardsmuren i nedre bildekant.

Rådg. Ing. Per Mulvik AS
Holmen 7
6100 VOLDA
Att:

Vår dato: 13.02.2015
Dykkar dato: 30.01.2015
Vår ref.: 15/209 - 2 / OAR
Dykkar ref.:
Merk:
Gradering:


Volda pg - merknad til nabovarsel - tiltak på gnr 19 bnr 38 fnr 54

Ein viser til nabovarsla tiltak. Opplysningsvesenets fond eig ikkje naboeigedom.

Tiltaket grenser mot Volda kyrkje, som er eigd av Volda sokn. Det er Volda kyrkjeleg fellesråd som forvaltar eigedomen på vegne av kyrkja.

Ein sender for ordens skuld herfrå kopi av dette brevet og nabovarselet til kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no.

Med vennleg helsing
Opplysningsvesenets fond


Olav A. Røssaak
seniorrådgiver

Mottakere:


Rådg. Ing. Per Mulvik AS

Holmen 7

6100

VOLDA





DEN NORSKE KYRKJA
Volda kyrkjelege fellestråd

Postboks 17
6101 Volda
Tlf: 70074090
kyrkjevevja@volda.kyrkja.no

Per Mulvik AS
Holmen 7 Pb. 86
6100 Volda


Volda 02.03.2015
Vår sakshandsamar: JS
Vår ref.: 10/00023-031
Arkivkode: 511.5

Fråsegn til nabovarsel for tiltak på gbr 19 bnr 38 fnr 54

Volda kyrkjelege fellestråd sitt arbeidsutval har handsama nabovarselet for tiltak på gbr 19 bnr 38 fnr 54, Kyrkjegata 4, og gjort følgjande vedtak:

- 1. Fellestrådet har ikkje merknadar til at det vert gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen for Kyrkjegata 4 slik tiltakshavar søker om.**
- 2. Fellestrådet vil handsame eit nabovarsel knytt til ei eventuell byggjesak som eiga sak og vurdere detaljane i tiltaket nærare.**

Med helsing



Jostein Stråbø
kyrkjevevje



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Roger Nedreklepp

Arkivsak nr.: 2015/2206

Arkivkode: V83

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

79/15

Forvaltningsstyret

17.11.2015

BYGGING AV LANDBRUKSVEG - EKORNBAKKEN - HANDSAMING ETTER SKOGLOVA OG NATURMANGFALDLOVA

Administrasjonen si tilråding:

I medhald av Forskrift for planlegging og godkjenning av landbruksveier godkjenner Forvaltningsstyret søknad frå Dag Bratteberg om oppgradering av Ekornbakken på Heltne/ Bratteberg frå traktorveg i vegkl. 7 til bilveg i vegkl. 4 etter Normalar for landbruksvegar. Det vert sett byggefrist på 3 år frå vedtak er gjort.

Saka gjeld: handsaming etter Skoglova og Naturmangfaldlova.

ephorte saksnummer i Volda: 2015/2206

ephorte saksnummer i Ørsta

1519 gnr/bnr

Saksvedlegg:

Søknad av 07.10.2015 om bygging av landbruksveg, Ekornbakken, v/Dag Bratteberg

Oversiktskart 1:50 000

Kart over dekningsområdet for vegen 1:5000

Kart over vegtraseen 1:5000

Saksopplysningar

Dag Bratteberg har på vegne av skogeigarar på Heltne og Bratteberg søkt om oppgradering av Ekornvegen på Heltne/Bratteberg frå traktorveg i vegkl. 7 til bilveg i vegkl. 4 etter Normalar for landbruksvegar. Vegklasse 4 er sommarbilveg for tømmerbil med hengar. Ekornbakken som traktorveg vart godkjend i 2013, og vart bygd i ein større heilskap etter jordskifte, der ein lengre bilveg mellom Heltne og Driveklepp, og m.a. Ekornbakken var ein del av skiftet.

Ekornbakken ligg innanfor stigningsramme for vegklasse 4 som er 12%. Omsøkt oppgradering til bilveg vil i stort medføre mindre justeringar av nokre punkt på vegen som vegkryss og kurve. Utviding av godkjend snuplass etter retningslinene i vegnormalen vil ta noko areal utover den snuplass som er bygd for noverande traktorveg.

Oppgraderinga omfattar den 830m lange traktorvegen som ligg der i dag, og dekningsområdet utgjer om lag 280 da.

I søknaden går det fram at volum hogstmoden skog er om lag 3500 m³ for det areal som grensar til vegen, men deler av dette kan drivast til skogsbilvegen som Ekornbakken er tilknytt.

Då det er tale om oppgradering av eksisterande veganlegg vert terrenginngrepa svært moderate utover slik det er i dag.

Deler av dekningsområdet for vegen ligg innanfor vernegrensa for skog. Drift i dette området må gjerast i samråd med kommunen og dei kommunale føresegnene for hogst innanfor verneskoggrensa.

Som det går fram av søknaden pkt. 6 er omsyn til miljøverdiar og andre interesser vurdert.

Det er m.a. søkt i Kilden, Skog og landskap sin base for naturmangfald og kulturminne, der det ikkje er gjort funn av vesentleg interesse som kjem i konflikt med omsøkte anlegg.

Nybygg og/eller ombygging av skogsvegar skal vurderast etter Naturmangfaldlova(nml) sin § 8 til 12.

Kommune vurdere det slik etter §8 at kunnskapsgrunnlaget står i rimeleg høve til den karakter og omfang tiltaket har, og risiko for skade på naturmangfaldet i det aktuelle området. Etter §10 i nml ser ikkje kommune at oppgraderinga til bilveg vil føre til auka belastning i høve til eksisterande veg. Skogsvegane i Heltnemarka er bomvegar, og skal berre nyttast i høve skogsdrifta.

Etter §12 i nml vil oppgraderinga av Ekornvegen ikkje medføre større skade på naturmangfaldet i høve til den bruk som er i dag, men tiltakshavar skal etter §11 i nml dekke kostnader ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet grunna tiltaket.

Vurdering og konklusjon

For rasjonell skogsdrift er det alltid best både driftsteknisk og miljømessig at tømmerbil kjem så langt inn i skogen som råd for uttransport av tømmer. Til mindre terrengtransport til mindre slitasje på terreng, og totalt mindre utslepp frå skogsmaskinene.

Då denne traktorvegen i vesentleg grad oppfyller geometriske krav for bilveg i vegklasse 4, vil ei oppgradering til bilveg være eit aktivum for meir rasjonell skogsdrift i dette området.

Ein føresetnad for oppgradering er at vegen vert bygd i medhald av Forskrift for planlegging og godkjenning av landbruksveier og i medhald av krava i Naturmangfaldlova §8-12.

Med dette grunnlaget vil skogbrukssjefen tilrå den omsøkte oppgraderinga av Ekornvegen frå traktorveg i vegkl. 7 til bilveg i vegkl. 4 som omsøkt.

Ørsta,.....

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar

Roger Nedreklepp
Fagansvarleg skogbruk

Tøm skjema

Journalnummer

Ar 2015	Fylke Møre og Romsdal	Kommune 1519 Volda
------------	--------------------------	-----------------------

1. Er tiltaket søknadspliktig?

Søknadspliktige tiltak: Nybygging og ombygging av landbruksvegar etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier (landbruksvegforskrifta)¹ er søknadspliktig. Eit tiltak kan vere søknadspliktig sjølv om det er angitt som ikkje søknadspliktig lenger ned i dette skjemaet. Dette er tilfelle der tiltaket kan ha vesentleg påverknad på dei omsyna som er nemnde i § 1-1 i landbruksvegforskrifta. Du kan ikkje starte opp byggearbeidet før kommunen har gitt løyve.

Tiltak som ikkje er søknadspliktige: Opparbeiding av oppstillingsplass for landbruksmaskinar til bruk på eigedomen eller enkle avkøyring-ar frå godkjente landbruksvegar, er ikkje søknadspliktig. Det same gjeld enkle og provisoriske driftsvegar som berre fører med seg ubetydel-ege terrenginngrep, det vil seie planering med samla omfang på inntil 150 meter eller på areal mindre enn 450 m², der fylling/skjering ikkje fører til meir enn 1 meter avvik frå opphavleg terrengnivå (sjå unntaket ovanfor).

2. Kva for regelverk skal tiltaket behandlast etter?

Før du sender inn skjemaet må du finne ut om tiltaket er søknadspliktig etter punkt 1, og om søknaden skal behandlast etter landbruks-veg-forskrifta eller plan- og bygningslova. Du kan berre nytte dette skjemaet dersom tiltaket skal behandlast etter landbruksvegforskrifta, det vil seie når over 50 % av samla nytte er knytt til landbruksverksemd. Les òg rettleiinga bakerst i dette skjemaet.

Dersom delsum landbruksnytte (L) er større enn delsum andre interesser (P) i vegen (L > P), skal søknaden behandlast etter landbruksveg-forskrifta. I så fall skal du bruke dette skjemaet og levere det til kommunen, saman med vedlegga.

Dersom delsum andre interesser (P) er større en landbruksnytte (L) i vegen (P > L), skal søknaden behandlast etter plan- og bygningslova. Då skal du ikkje bruke dette skjemaet. Ta kontakt med kommunen din for meir informasjon rundt søknadsreglane for tiltak etter plan- og bygningslova.

Landbruk (L)		Andre formål utanom landbruk (P)	
Skogbruk	100 %	Privat bustad	%
Utmark	%	Privat hytte	%
Jordbruk	%	Hyttefelt	%
Seterverksemd	%	Næringsbygg	%
Gardsturisme	%	Aktivitetsbygg	%
Kraftverk, ikkje konsesjonspliktig (<1MW)	%	Kraftverk, konsesjonspliktig (>1MW)	%
Landbruksbygg	%	Anna, grei ut	%
Anna, grei ut	%		
Delsum landbruksinteresser (L)	%	Delsum andre interesser (P)	%
Totalsum L + P = 100%			

3. Opplysningar om søker		
Gnr./bnr./fnr. 21/6	Organisasjonsnr./fødselsnr. 994000284/190354 38524	Telefonnr.
Søkarens namn Dag Bratteberg	E-postadresse dag@bratteberg.biz	
Adresse Engesetvegen 46	Postnr. 6153	Poststad Ørsta

4. Generelt om vegtiltaket (berre permanente tiltak)		
Vegnamn Ekornbakken	Vegplanleggar Jordskifteverket/Arne Hollingsæter	
Er vegen en del av hovudplan for vegar eller anna overordna transportplan?	☐ Ja	☒ Nei
Er avkøyring frå offentleg veg godkjent av vegstyresmaktene?	☒ Ja	☐ Nei ☐ Ikkje aktuelt
Er naboar, rettshavarar eller andre som vedkjem tiltaket varsla?	☒ Ja, liste er lagt ved	☐ Nei, ikkje aktuelt (legg ved grunngjeving)
Antall interessentar/parteigarar i vegen:	8	stk.

5. Om tiltaket			
Fyll ut for permanente tiltak			
Totalareal dekar 280	Produktiv skog dekar	Hogstmoden skog m³ 3500	Jordbruksareal dekar
Nyanlegg lengde	meter	Nyanlegg kostnad	kr.
Ombygging lengde	830 meter	Ombygging kostnad	600 000 kr.
Søknadspliktig punktutbetring.			
Fører tiltaket til heving av vegklassa (ombygging) ☒ Ja ☐ Nei			
☐ Bru ☒ Bæreevne ☐ Kurvatur ☐ Stigning ☒ Snuplass ☒ Velteplass ☐ Anna, grei ut			
Skal det anleggast massetak knytt til vegen? ☐ Ja ☒ Nei			
Dersom ja, anslå antall m³ masse som skal hentast ut m³			
Landbruksvegklasse ☐ 2 ☐ 3 ☒ 4 ☐ 5 ☐ 6 ☐ 7 ☐ 8 ☐ Avvik frå vegklassa			
Dersom avvik frå vegklassa, grei ut om årsaka			
Fyll ut for provisoriske tiltak			
☐ Oppstillingsplass for landbruksmaskinar ☐ Enkel avkøyring frå landbruksveg ☐ Enkle og provisoriske driftsvegar			
☐ Lengde over 150 m ☐ Lengde under 150 m ☐ Skjering/fylling over 1 m ☐ Skjering/fylling under 1 m ☐ Areal over 450 m² ☐ Areal under 450 m²			
Storleiken på driftsområdet som tiltaket betener dekar			
Vil arbeidet med å gjennomføre sjølve tiltaket vare utover søknadsåret? ☐ Ja ☐ Nei Dersom ja, kor mange år år			
Har du vurdert å bruke driftsmetodar som ikkje krev bruk av tiltaket du har søkt om? ☐ Ja ☐ Nei			
Før opp kostnadsauken ved å ikkje bruke det provisoriske tiltaket kr/m³			
Grei ut			
Planlagde tiltak i etterkant			
☐ Forynging/gjenplantning ☐ Reparere vasslaup ☐ Oppretting køyrespor ☐ Tilbakeføring av driftsveg/deaktivering ☐ Anna			
Grei ut			

6. Omsyn til miljøverdiar og andre interesser

Følgande miljøverdiar er registrert, jamfør rettleinga

Naturmangfald ☒ Ja ☐ Nei Landskap ☒ Ja ☐ Nei Kulturminne ☒ Ja ☐ Nei Friluftsliv ☒ Ja ☐ Nei

Dersom ja, før opp kva for verdiar, og kjelder for funn

Det er søkt i Kilden, Skog og landskap. Der er ikkje funn av vesentleg interesse. Dette er ei opprustning av eksisterande veg, og fører til mindre inngrep i terrenget, bortsett frå anlegg av ny snuplass

Andre interesser som tiltaket rører ved

Verna vassdrag ☐ Ja ☒ Nei Reindriftsinteresser ☐ Ja ☒ Nei Vernskog ☒ Ja ☐ Nei

Dersom ja, før opp kva for verdiar og kjelder for funn

Vegen ligg delvis innanfor verneskoggrensa. Skogsdrift vil rette seg etter Volda kommune sine føresegner for verneskog.

Ligg vegtraseen i område med fare for flaum, erosjon eller lausmasseskred? ☐ Ja ☒ Nei

Dersom ja, beskriv årsaka

Kan tiltaket gi ei auke i fare for flaum, erosjon eller lausmasseskred? ☐ Ja ☒ Nei

Dersom ja, beskriv årsaka og planlagde omsyn

Kan tiltaket føre til auka fare for flaum-, erosjon- eller skredskadar på omkringliggande bustader, anlegg eller anna offentleg infrastruktur (vegar, jembane og så vidare)?

☐ Ja ☒ Nei

Dersom ja, beskriv planlagde omsyn

På kva måte ligg tiltaket samanlikna med marin grense: ☒ Over ☐ Under ☐ Både over og under

Dersom heile eller delar av tiltaket ligg under marin grense, grei ut om planlagde omsyn


Eventuelle kommentarar

7. Underskrift

